

Årsrapport 2021



Innhold

Kommunedirektøren si innleiing.....	5
Framlegg til vedtak.....	6
Forklaringar	6
Planhierarki	7
1 Utviklingstrekk.....	8
1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....	8
1.2 Pandemien i Time kommune.....	9
1.3 Folketalsutvikling.....	9
1.4 Næringsutvikling.....	11
2 Økonomiske hovudtal	13
2.1 Driftsrekneskapen.....	13
2.2 Finansforvaltning	17
2.3 Balanse per 31.12.2021	18
2.4 Økonomiske nøkkeltal.....	21
3 Folkehelse.....	23
4 Tenester	27
4.1 Hovudtal per tenesteområde.....	27
4.2 Oppvekst.....	27
4.2.1 Økonomi.....	27
4.2.2 Rapportering om tiltak 2021	28
4.2.3 Handtering av pandemien.....	30
4.2.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst	31
4.2.5 Utfordringar framover	41
4.3 Omsorg	42
4.3.1 Økonomi.....	42
4.3.2 Rapportering om tiltak 2021	42
4.3.3 Handtering av pandemien.....	43
4.3.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg.....	43
4.3.5 Utfordringar framover	50
4.4 Samfunn	52
4.4.1 Økonomi.....	52

4.4.2	Rapportering om tiltak 2021	52
4.4.3	Handtering av pandemien.....	55
4.4.4	Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn	56
4.4.5	Utfordringar framover	67
4.5	Stabstenester.....	69
4.5.1	Økonomi.....	69
4.5.2	Rapportering om tiltak 2021	69
4.5.3	Handtering av pandemien.....	70
4.5.4	Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon.....	70
4.5.5	Utfordringar framover	72
5	Kommunen som arbeidsgjevar.....	74
5.1	Rapportering om tiltak 2021	74
5.2	Vurdering og oppsummering av driftsåret	74
5.3	Utfordringar framover	79
6	Investeringar.....	80
6.1	Administrasjon og fellesprosjekt.....	82
6.2	Skular og barnehagar.....	82
6.3	Omsorg	83
6.4	Kulturbygg og kulturanlegg	84
6.5	Idrett og friluftsliv	84
6.6	Veg og parkanlegg	84
6.7	Vatn, avløp og renovasjon.....	85
6.8	Energi og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2021	87
7	Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	89
8	Status politiske vedtak og planstrategi	91
8.1	Politiske vedtak 2021	91
8.2	Politiske vedtak før 2020.....	93
8.3	Planstrategi 2019-2023.....	96
9	Nøkkeltal	97
9.1	Oppvekst.....	97
9.2	Omsorg.....	103
9.3	Samfunn	108
9.4	Administrasjon	118

VISJONEN VÅR

TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

VERDIANE VÅRE

Ansvar

Me har evne til å sjå, mot til å handla
Me ser og forstår heilskapen
Me er opne og direkte i samhandlinga

Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive
Det me vil, det søker me å få til
Me er i utvikling

Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko
Alle skal ha reell medverknad på eigen
arbeidssituasjon
Tilsette skal sikrast deltaking i avgjerdsprosessar

LEVEREGELEN VÅR

Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gi og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheiter
- heia fram gode idéar

«Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»

Arne Garborg

Kommunedirektøren si innleiing

Årsrapporten for 2021 er ei tilbakemelding frå kommunedirektøren til dei folkevalde i Time kommune på resultatet og bruk av ressursar. Her peikar me også på utfordringar som må løysast i framtida. Rekneskap 2021 er kommunen sin offisielle rekneskap.

Året 2021 har på same måten som 2020 vore prega av pandemien. Smitteverntiltak, testing og smittesporing og ikkje minst massevaksinering, er aktivitetar som har sett sitt preg på drifta i året som gjekk. Ekstrakostnadene dette har medført er kompensert frå staten, men det har vore betydelege utfordringar for organisasjonen med mange omstillingar, høgt sjukefråvær mot slutten av året og mangel på vikarar.

Økonomisk har 2021 vore eit godt år med netto driftsresultat på 108,5 millionar kroner og 6,7 prosent av driftsinntektene. Overskotet på 77,8 millionar kroner er avsett til disposisjonsfond som ved utgangen av året utgjer 11 prosent av driftsinntektene. I 2021 har alle usikre variablar påverka resultatet positivt, sett vekk i frå eit meirforbruk i tenesteproduksjonen på 18 millionar kroner. Skatteveksten var på 22,6 prosent mot budsjettet 9,1 prosent. Låge renter i 2021 gir låge rentekostnader. God børsutvikling har gitt høge finansinntekter. Auka pensjonskostnad, som følge av godt lønnsoppgjer, er dekkja med bruk av premiefond og pensjonsavviket er positivt. I tillegg har kompensasjonen for ekstrautgifter til koronahandertinga vorte dekkja av auka rammetilskot. Meirforbruket på 18 millionar kroner gjeld mellom anna undervisning, barnevern, omsorg og auka straumkostnad til drift av alle kommunale bygg.

Sjukefråværet var på 7,2 prosent, noko som var ein nedgang frå 2020 der talet var 7,3 prosent. Sjukefråværet auka kraftig med 1,8 prosentpoeng i 4. kvartal med ny smittbølge av koronaviruset. Fråværet inn i 2022 er også høgt og i januar har kommunen 10,1 prosent sjukefråvær.

Folketalet auka med 1,3 prosent i 2021, noko som er dobbelt av veksten på landsbasis. Fødselstala var 240 og ein auke på 30 frå 2020. Kommunen har både fødsels- og flytteoverskot i 2021.

Kommunedirektøren ønsker å trekka fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidarane i Time kommune, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2021. Året har vore utfordrande og organisasjonen har drege i lag for å koma i mål. Stadig endra forventingar frå styresmaktene om handtering av pandemien, òg når det gjeld vaksinering, har sett store krav til omstillingsdyktige tilsette. Organisasjonen Time kommune, med alle sine tilsette og ved hjelp av frivillige, har takla utfordringane på ein særskild god måte.



Trygve Apeland
kommunedirektør

Framlegg til vedtak

1. Driftsrekneskapen for 2021 vert godkjent. Mindreforbruket på 77,8 millionar kroner er avsett til disposisjonsfond.
 - a. Det vert av disposisjonsfond avsett 2,5 millionar kroner til kompetanseheving for tilsette
 - b. Det vert av disposisjonsfond avsett 7,6 millionar kroner til tilskot til private idrettsanlegg
2. Investeringsrekneskapen for 2021 vert godkjent. Mindreforbruket på 0,4 millionar kroner er saldert mot låneopptak.
3. Årsrapporten for 2021 vert godkjent.
4. Utfordringar som årsrapporten peikar på vert vurderte i arbeidet med ny økonomiplan.


Forklaringar

KOSTRA-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2021. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Hå, Klepp, Sandnes og kommunegruppe 7. Me tek atterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2022.

Rekneskap for 2021 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2021». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringsrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

Årsrapporten skal gjera tydeleg greie for i kva grad tiltaka i økonomiplanen er utførte. Alle tiltak frå økonomiplanen har fargekodar som viser om tiltaket er utført (grønt/U), delvis utført (gult/D), eller ikkje utført (raudt/I). Delvis utførte tiltak og ikkje utførte tiltak vert kommenterte. Utførte tiltak vert i hovudsak ikkje kommenterte.

Planhierarki



1 Utviklingstrekk

1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk


Pandemien har i snart to år prega norsk og internasjonal økonomi. Smitteverntiltak, smittefrykt, sjukefråvær og økonomisk-politiske tiltak på mange område har dominert utviklinga.

Låge straumprisar i 2020 gav eit bidrag til ei positiv utvikling i aktivitetsnivået i 2020, medan dei ekstremt høge prisane på slutten av 2021 har redusert aktivitetsnivået noko. Høge gass- og oljeprisar gir gode inntekter og høg aktivitet i den oljerelatert delen av næringslivet, men dempar aktiviteten andre stader.

Aktiviteten i 2021 har vore høgare enn mange forventa, noko som mellom anna har gitt ein høg skattevekst i kommunesektoren.

Norsk økonomi var tilbake på same aktivitetsnivået i november 2021 som før pandemien. Me fekk ein aktivitetsnedgang rundt årsskiftet, men det er forventa at denne vil verta avløyst av ein ny oppgang.

Arbeidsløysa har etter skyhøgt nivå i mars og april 2020, gått gradvis ned til nivået før pandemien som figuren under syner.



Kjelde: KS

Nedgangen i arbeidsløysa heng saman med auka aktivitetsnivå, men også den markante nedgangen i arbeidsinnvandring.

Når me ser framover, vil truleg første halvår 2022 framleis vera prega av pandemien og høgt sjukefråvær.

Utsiktene for 2022 er at inflasjonen vil verta høgare enn tidlegare venta og at rentene vil auka betydeleg. Dette kan dempa veksten i økonomien ut over i 2022.

1.2 Pandemien i Time kommune

Handtering av pandemien har prega heile 2021. Samarbeidet med nabokommunane Gjesdal, Hå og Klepp har vore særskild viktig. I møta har me drøfta utfordringar og kome fram til felles tiltak og tilrådingar slik at det skal vera enkelt for innbyggjarar og tilsette å vita kva ein skal halda seg til. Jærkommunane har i heile 2021 vore opptekne av å halda seg til dei nasjonale tilrådingane, og dette har vore ein viktig del av kommunikasjonsbodskapen ut til innbyggjarane.

Den nasjonale TISK-strategien, test, isolering, smittesporing og karantene, har utfordra kommunane til å etablere nye og robuste tiltak. Luftvegslegevakta, eit samarbeid mellom dei fem kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Sandnes og Time har sikra god testkapasitet. Smittesporing har i periodar med smitte vore arbeidskrevjande. Kommuneoverlegefunksjonen er styrka og det har vore eit tett samarbeid mellom kommuneoverlegane på Jæren, samt SUS og Statsforvaltaren i Rogaland.

I 2021 er det gjennomført massevaksinering. Det kom stadig nye krav om kven som skulle vaksinerast og kor mange dosar som skulle settast. Tilsette i kommunen har saman med frivillige klart å omstilla seg raskt til endra føresetnader og innbyggjarane har fått tilgang på vaksinedosar i tråd med føringar frå helsestyresmaktene.

Korleis pandemien har påverka tenesteproduksjonen er nærare omtala under kvart tenestekområde i kapittel 4.


1.3 Folketalsutvikling

Folketal, fødsjar, døde, inn- og utflytting 2018-2021

	2018	2019	2020	2021
Folketal pr. 1.1	18 699	18 795	18 916	19 106
Fødde	247	208	210	240
Døde	105	104	105	89
Fødselsoverskot	142	104	105	151
Innflyttarar	994	947	1 021	1 206
Utflyttarar	1 040	930	933	1 118
Flytteoverskot	-46	17	88	88
Samla tilvekst	96	121	190	247
Folketal 31.12	18 795	18 916	19 106	19 353
Fødselsoverskot i %	0,76	0,55	0,56	0,79
Flytteoverskot i %	-0,25	0,09	0,47	0,46
Folkevekst i %	0,51	0,64	1,00	1,29

Kjelde: SSB

Folkeveksten i 2021 var på 1,29 % og det høgaste me har hatt dei siste fire åra. Veksten kom både frå fødsels- og flytteoverskot.



Folkeveksten har gradvis teke seg opp frå 2017 med 0,23 % til 2021 med ein vekst på 1,29 %. Kommunen har dei siste åra igjen fått netto innflytting.

Folkeveksten i landet i 2021 var på 0,63 % eller 33 901 personar.

Folketal 2018-2021 per aldersgruppe

	2018	2019	2020	2021	Endring 18-21
0-2	757	699	679	682	-9,9 %
3-5	806	787	763	766	-5,0 %
6-12	1 977	2 000	2 013	1 988	0,6 %
13-15	712	719	761	811	13,9 %
Sum 0-15	4 252	4 205	4 216	4 247	-0,1 %
16-19	1 008	971	960	969	-3,9 %
20-66	11 275	11 411	11 487	11 575	2,7 %
Sum 16-66	12 283	12 382	12 447	12 544	2,1 %
67-79	1 619	1 668	1 759	1 853	14,5 %
80-89	535	556	576	585	9,3 %
90+	106	105	108	124	17,0 %
Sum 67+	2 260	2 329	2 443	2 562	13,4 %
Sum	18 795	18 916	19 106	19 353	3,0 %

Kjelde: SSB

Fødselstala for 2021 var høgare enn dei siste åra. Nedgangen i førskulebarn har stoppa opp og viser ein liten auke på 6 barn frå 2020 til 2021. Dei store barnekulla er fortsatt på veg inn i ungdomsskulen, noko som er årsaka til at aldersgruppa 13-15 år aukar med 50 barn.

Aldersgruppa 67-79 år aukar i denne fireårsperioden med 14,5 %. Aldersgruppa 80-89 år aukar også med 9,3 %, medan aldersgruppa over 90 år aukar med heile 17 % og det meste i 2021.

1.4 Næringsutvikling

Bedrifter etter talet på tilsette i Time per 31. desember

	2017	2018	2019	2020	2021
Ingen tilsette	1 271	1 217	1 252	1 340	1 403
1-4 tilsette	336	343	325	326	322
5-19 tilsette	240	247	252	243	252
20-49 tilsette	71	66	67	74	74
50-99 tilsette	14	18	17	16	21
100 tilsette og meir	8	8	8	9	10
Sum	1 940	1 899	1 921	2 008	2 082


Kjelde: SSB

Arbeidsplassar og pendling i Time kommune per 31. desember

	2017	2018	2019	2020	2021
Arbeidsplassar	7 416	7 714	7 560	7 684	8 055
Innpendling	3 726	3 976	3 909	4 076	4 389
Utpendling	6 044	6 167	6 305	6 391	6 637
Arbeidsledige i prosent, årsgjennomsnitt	2,6	2,2	1,8	4,0	2,2
Konkursar	13	13	18	4	9
Nyetablerte foretak	186	156	195	232	...

Kjelde: SSB (Talet for 2021 er ikkje rapportert)


Talet på arbeidsplassar har auka med 371 eller 4,8 % frå 2020 til 2021.



Både Time og Rogaland fekk høg arbeidsløyse etter oljenedturen i 2014. Denne nådde toppen i 2016 og falt gradvis fram til pandemien råka landet i 2020. Oljenedturen ramma Rogaland meir enn landet som nesten ikkje hadde auke i arbeidsløysa etter 2014.

Medan oljenedturen råka Rogaland meir enn landet elles, har pandemien råka heile landet med markant auke i arbeidsløysa. Me ser likevel at Time kommunen har kome noko betre ut enn gjennomsnittet. Dette kan ha si årsak i at konsekvensane av pandemien har råka nokre

næringar hardare enn andre og at landet har ulik næringssamansetning. Turistnæringa er for eksempel råka hardt mange stader.



Talet på arbeidsledige viste ei jamn forbetring ut over i 2021 heilt til landet stengde igjen i desember. Ved utgangen av desember var arbeidsløysa på 1,7 % i Time og 2,5 % i landet.

2 Økonomiske hovudtal

I årsrapporten presenterer me eit utdrag av rekneskapstala for 2021 (i heile tusen) og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2021» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gir utfyllande informasjon, presentert. Alle referansar i kapittel 2 viser til dette dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, medan investeringane vert omtala under kapittel 6.

2.1 Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt drift § 5-6	Note	Rekneskap 2021	Budsjett 2021 m/endingar	Budsjett 2021 u/endingar	Rekneskap 2020
Driftsinntekter					
1 Rammetilskot		494 125	494 296	473 800	507 590
2 Inntekts- og formuesskatt		690 437	628 650	614 500	563 308
3 Eigedomsskatt		968	700	500	0
4 Andre skatteinntekter		0	0	0	0
5 Andre overføringar og tilskot frå staten		20 024	17 500	17 500	23 176
6 Overføringar og tilskot frå andre		219 721	185 569	100 543	191 994
7 Brukarbetalingar		57 513	56 143	58 782	50 036
8 Sals- og leigeinntekter		131 916	125 895	135 353	118 939
9 Sum driftsinntekter		1 614 704	1 508 753	1 400 978	1 455 044
Driftsutgifter					
10 Lønnsutgifter		811 326	804 998	749 876	753 807
11 Sosiale utgifter		190 324	213 764	201 182	185 776
12 Kjøp av varer og tenester		415 141	374 058	366 644	378 535
13 Overføringar og tilskot til andre		64 592	60 132	25 891	78 656
14 Avskrivningar	4	89 938	8 550	8 550	87 548
15 Sum driftsutgifter		1 571 320	1 461 503	1 352 143	1 484 322
16 Brutto driftsresultat		43 384	47 251	48 835	-29 278
Finansinntekter					
17 Renteinntekter		9 385	10 262	8 575	10 853
18 Utbytte		37 441	36 450	36 450	35 559
19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		4 776	0	0	-58
20 Renteutgifter		18 086	24 550	27 550	24 276
21 Avdrag på lån		58 294	58 600	58 600	55 283
22 Netto finansutgifter		-24 778	-36 438	-41 125	-33 205
23 Motpost avskrivningar		89 938	8 550	8 550	87 548
24 Netto driftsresultat		108 544	19 363	16 260	25 065
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:					
25 Overføring til investering		-19 234	-19 233	-17 850	-14 597
26 Avsetning til bundne driftsfond		-22 775	-1 500	-1 500	-14 970
27 Bruk av bundne driftsfond		14 556	1 981	1 590	20 104
28 Avsetning til disposisjonfond		-99 453	-18 357	0	-51 263
29 Bruk av disposisjonsfond		18 361	17 747	1 500	27 703
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	7 959
31 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-108 544	-19 363	-16 260	-25 064
32 Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

Kommunen gjekk med eit netto driftsresultat på 108,5 millionar kroner i 2021. Netto udisponert overskot er på 77,8 millionar kroner (inkludert i post 28). Av dette er 2,5 millionar kroner føreslått avsett til kompetanseheving for tilsette og 7,6 millionar kroner til å utbetala etterslepet på tilskot til private idrettsanlegg. I 2020 hadde kommunen eit netto driftsresultat på 25,1 millionar kroner og eit udisponert overskot på 24,1 millionar kroner.

I 2021 har dei fleste usikre faktorar slått ut positivt for kommunen. Kommunen fekk 62,5 millionar kroner i meirinntekter på skatt, fekk eit resultat av finansplasseringane på 37,5 %,

hadde låge rentekostnader gjennom året, mindreforbruk på sjølvkosttenestene og meirinntekter på premieavvik pensjon. Lønnsoppgjøret i 2021 vart høgt og dermed høg pensjonskostnad, men denne auken i pensjonskostnaden er meir enn dekkja ved bruk av premiefond pensjon.

Det som i 2021 har trekt i negativt retning er eit meirforbruk i tenesteproduksjonen på 18 millionar kroner.

Det er i løpet av året tilleggslyvdyd 26,8 millionar kroner til tenesteproduksjonen til dekning av ekstrakostnader ved pandemien. Dette gjeld først og fremst vaksinerings, luftvegslegevakt, kompensasjon for auka bruk av vikarar, ekstrahjelp, overtid og kompensasjon for bortfall av inntekter for kinoen. Totalt ser pandemirekneskapen for 2021 slik ut:

Pandemierekneskap (i 1000 kr)	Rekneskap 2021
Statstilskot generell korona-kompensasjon	25 230
Statstilskot vaksinerings	6 143
Statstilskot kompensasjon næringsliv	8 886
Sum kompensasjon	40 259
Tildelt tenestene	-26 824
Vidareformidla næringsliv*	-8 886
Rest ikkje fordelt	4 549

*tildeling i desember er ikkje utbetalt ved nyttår

Driftsmidlene er fordelte mellom tenesteområda som vist i tabellen under. I 2021 viser tenesteproduksjonen eit meirforbruk (etter tilleggslyvdyng) på 18 millionar kroner. Meirbruket i Oppvekst gjeld undervisning og barnevern, for Omsorg er det kjøp av tenester til nye brukarar og for Samfunn er det rekrutteringsproblem i legetenesta, auka straumkostnad og vintervedlikehald.

Fordelt per tenesteområde	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R)
	Rekneskap	m/endingar	u/endingar	Rekneskap	
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)	2021	2021	2021	2020	2021
Oppvekst	513 779	502 248	487 604	486 824	-11 531
Omsorg	341 526	337 481	315 959	314 259	-4 045
Samfunn	205 318	201 962	189 781	193 613	-3 356
Stabstenester	67 716	68 646	66 731	65 472	931
Sum nettodriftsutgifter	1 128 339	1 110 337	1 060 075	1 060 168	-18 001

Nærare omtale av dei enkelte tenesteområda kjem i kapittel 4.

Driftsinntekter

Driftsinntektene auka med 11 % frå 2020 til 2021. Veksten i 2020 var på 0,6 %.

Skatteinntektene auka med 22,6 % og ein vekst per innbyggjar på 21,3 %. Time kommune har høgare skattevekst enn landet som hadde 16 %. Skatteinntekter per innbyggjar som prosent av landsgjennomsnittet auka frå 94,6 % i 2020 til 99,4 % i 2021.

Skatteinntekter	Time	Landet	Time	Landet
	2021		2020	
Skattevekst	22,6 %	16,0 %	1,0 %	-0,7 %
Sakkevekst per innbyggjar	21,3 %	15,5 %	0,3 %	-1,5 %
Skatteinntekter per innbyggjar	99,4 %	100,0 %	94,6 %	100,0 %

Det er vanskeleg å forklare kvifor skatteinntektene i Time kommune veks så mykje meir enn i landet. Noko kan forklarast med høgare sysselsetting og at alle usikre faktorarar har slått positivt ut i 2021. Margin- og fordelingsoppgjær og auka restsattar gav ei ekstraintekt på 38 millionar kroner samanlikna med 2020. Auka fordelingsprosent (som gjeld alle kommunane) for 2021-skatten utgjer åleine ein vekst på 9,5 % det vil seia ein vekst på om lag 40 millionar kroner. For 2022 er fordelingsprosenten redusert, noko som vil utgjera ein nedgang på 10 % for kommunen sin del av skatteinnbetalingane for 2022.

Rammetilskotet er litt høgare enn budsjettert, noko som skuldast ubrukt koronakompensasjon som dekkja lågare skatteutjamning.

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld «overføringar og tilskot frå andre», kjem frå 22,9 millionar kroner i auka statstilskot, 4,7 millionar kroner i auka refusjonar frå andre kommunar og 5,6 millionar kroner i auka kommunale eigedomsavgifter.

Driftsutgifter


Driftsutgiftene auka med 5,9 % mot ein reduksjon på 3,9 % i fjor. Veksten er reelt høgare då bruk av pensjonsfond og netto inntektsført premieavvik pensjon går til reduksjon i utgiftene. Veksten er høgare enn prisveksten i kommunesektoren som var på 3,3 % i 2021. Pandemien har påverka både kostnads- og inntektsnivået i kommunen i både 2020 og 2021. Ulik måte å kompensera kostnadene på gjer samanlikning av åra vanskeleg.

I 2021 gav premieavviket ei netto mindreutgift på 5,7 millionar kroner medan verknaden i 2020 var ei netto meirutgift på 8,5 millionar kroner. Pensjonspremien til KLP auka frå 82,5 millionar kroner i 2020 til 121,2 millionar kroner i 2021. Me har brukt av pensjonsfondet til å dekkja det meste av denne auken som dermed ikkje får nokon resultatverknad.

Meirforbruket på kjøp frå andre gjeld kjøp av institusjonsplassar i barnevern, kjøp av private omsorgstilbod til nye brukarar, auka straumprisar og auka lisensavgifter på dataprogram.

Netto driftsrekneskap

Netto driftsresultat er på 108,5 millionar kroner i 2021 mot budsjettert 19,4 millionar kroner. Netto driftsresultat for 2020 var på 25,1 millionar kroner.



Netto driftsresultat for 2021 utgjør 6,7 % av brutto driftsinntekter og tilsvarende tal for 2020 var på 1,7 %. Dette er likevel under nabokommunane Klepp og Hå, men over KOSTRA-gruppe 7 og landsgjennomsnittet.

Netto driftsresultat er påverka av nettoføring på pensjonsavvik som er omtala ovanfor og netto bruk av bundne fond. I 2021 har kommunen netto inntekt på vatn, avløp og renovasjon på 6,7 millionar kroner noko som aukar netto driftsresultat tilsvarende. I 2020 var tilsvarende 5,2 millionar kroner i meirforbruk. Oppgjer sjølvkosttenestene kan dermed forklare 11,9 millionar kroner av veksten i netto driftsresultat frå 2020 til 2021.

Det reelle resultatet for 2021 korrigert for endring i premieavvik og netto bruk av bundne fond, er vist i tabellen nedanfor. Korrigert for premieavvik og bundne fond er resultatet på 94,6 millionar kroner eller 5,9 % av brutto driftsinntekter. Tilsvarende tal for 2020 var 38,8 millionar kroner og 2,7 %.

	2020	2021
Netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fc	2,7 %	5,9 %
Kommunal målsetting	1,5 %	1,5 %
Netto driftsresultat	25 065	108 544
Netto premieavvik	8 564	-5 704
Netto bundne fond	5 133	-8 219
sum korrigert netto driftsresultat	38 762	94 622

Time kommune fører premieavvik i pensjon på eitt år i motsetnad til dei fleste andre kommunar som over tid har nytta maksimal tillate tid på 15/10/7 år. Ulik praksis ved føring av premieavvik har gitt Time kommune ein utgiftsført meirkostnad på 60 millionar kroner for desse åra. Kommunen kunne alternativt hatt dette som høgare gjeld og høgare disposisjonsfond.

Finansinntekter/-kostnader

Rentenivået har gjennom 2021 vore lågt, men med ein stigande tendens mot slutten av året. Renta er forventa å stiga i 2022 på grunn av høgt aktivitetsnivå i næringslivet.

Renteutgiftene er 9,5 millionar kroner lågare enn opphøveleg budsjett og 6,5 millionar kroner lågare enn justert budsjett. God likviditet og god avkastning på finansplasseringane har trass i lågt rentenivå, gitt meirinntekter på 4,9 millionar kroner samanlikna med justert budsjett.

Årsoppgjersdisposisjonar

Overføringa frå drift er i samsvar med budsjett og utgjer 1,6 % av sum skatt og rammetilskot. Dette er lågare enn målet som er 2 %, men i samsvar med budsjett.

I 2021, som i dei to føregåande åra, er det ikkje sett av midlar til overskotsfond for tenestene og det er heller ikkje finansiert meirforbruk ved å framføra dette til dekning i 2021. Det er etter vedtak i formannskapet sett av 2,5 millionar kroner til kompetanseheving for tilsette og 7,6 millionar kroner til å utbetala innvilga tilskot til ferdigstilte idrettsanlegg som ligg i kø for utbetaling.

Udisponert mindreforbruk på 77,8 millionar kroner er avsett til disposisjonsfond i samsvar med forskrifter for kommunal økonomiforvaltning.

Premieavviket i pensjon for 2021 var på 17,2 millionar kroner. I samsvar med budsjettvedtaket skal heile denne summen settast av til disposisjonsfond for å dekkja tilsvarende utgiftsføring i 2021. Premieavviket for 2020 på 11,5 millionar kroner er utgiftsført i 2021 og dekkja av disposisjonsfond.

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon hadde meirinntekter på 6,7 millionar kroner og dette er avsett til sjølvkostfond.

2.2 Finansforvaltning

Aksjemarknaden i 2021 har vore god. Hovudindeksen har stige med 23,4 %. Kommunen har ein del av porteføljen i eigenkapitalbevis i norske sparebankar og eigenkapitalindeksen har auka med 51,5 %.

Kommunen har i 2021 seld ut ein god del av enkeltaksjane og plassert pengane i eit fond som forvaltar etter same prinsipp som kommunen hittil har gjort. Det vil seia at me investerer i solide selskap registert på Oslo børs og selskap som normalt betaler utbytte.

Samla avkastning for 2021 er på 37,6 % og er fordelt som vist i tabellen.

Aktivaklasse (i 1000 kr)	Marknads- verdi 31.12.2020	Marknads- verdi 31.12.2021	Realisert tap/gevinst	Urealisert tap/gevinst	Avkastning i prosent
Pengemarknads- og obligasjonsfond					
Obligasjonar utstedt av finansinstitusjonar					
Obligasjonar utstedt av norske selskap					
Aksjefond		11 008	429	2 007	32,1 %
Aksjar/eigenkapitalbevis i norske selskap	13 296	7 594	961	2 080	44,1 %
Aksjar i utanlandske selskap					
Sum	13 296	18 602	1 390	4 087	37,6 %

Finansporteføljen er auka i 2021 på grunn av auka marknadsverdiar. Samla gevinst på finansplasseringane er på 5,5 millionar kroner. Av dette er urealiserte gevinstar i 2021 på 4,1 millionar kroner. Kostpris for porteføljen per 31.12.21 er på 13,2 millionar kroner og urealiserte gevinstar er ved utgangen av året på 5,4 millionar kroner jamfør note 7.

Kommunen har om lag 1266 millionar kroner i pensjonsmidlar som vert forvalta av KLP. Avkastninga ut over garantert rente av desse midlane vert avsett til premiefond. Det endelege oppgjeret kjem med kontoutskrifta i mai 2022. Kor stor denne avsetninga vert veit me ikkje ennå. Premiefondet er før tilføring av avkastning for 2021 på 78,8 millionar kroner. Desse midlane kan berre nyttast til betaling av pensjonspremie.

2.3 Balanse per 31.12.2021

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

Anleggsmidlar

Verdien av faste eigedommar, utstyr og maskinar har netto auka med 58 millionar kroner. Dette gjeld nye investeringar i 2021 minus avskrivningar, nedskrivningar, korrigeringar frå tidlegare år og eventuelle sal.

Pensjonsmidlane gjekk ned med 55,8 millionar kroner i 2021. Nedgangen er ikkje reell, men skuldast at Statens pensjonskasse har redusert pensjonsmidlane med 101,4 millionar kroner. Statens pensjonskasse er ikkje fondsbasert. Utgiftene vert dekkja over statsbudsjettet. Utrekningane av pensjonsmidlar og pensjonsgjeld er derfor fiktive størrelsar. Når så regelverket vert endra så justerer dei balanseverdiane. KLP fekk dei same endringane og då vart det frigjort midlar (75 millionar kroner) som kommunane kan bruka til å betala framtidige pensjonar.

Utlån er auka med 24,4 millionar kroner, og elles er det mindre endringar på utlån, aksjar og andelar.

Omløpsmidlar


Omløpsmidlane er auka med 98,9 millionar kroner. Av dette er bankinnskott auka med 68 millionar kroner. Kortsiktige fordringar er auka med 25,6 millionar kroner og av dette utgjer inntektsført premieavvik 5,7 millionar kroner. Låge kundefordringar skuldast kreditnota til Klepp kommune på 9,1 millionar kroner for oppgjer av investeringsprosjektet Vardheia skule.

Økonomisk oversikt balanse § 5-8		Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 31.12.2020
	Note		
EIGENDELAR			
A. Anleggsmidler		4 203 607	4 172 892
I. Varige driftsmidler		2 368 319	2 310 346
1. Faste eiendomar og anlegg	4	2 105 360	2 063 664
2. Utstyr, maskinar og transportmidlar	4	262 959	246 682
II. Finansielle anleggsmidler		462 416	433 900
1. Aksjar og andelar	5	99 515	95 410
2. Obligasjonar		0	0
3. Utlån	6	362 901	338 490
III. Immaterielle eigendelar		0	0
IV. Pensjonsmidlar	11	1 372 872	1 428 646
B. Omløpsmidlar		458 190	359 336
I. Bankinnskott og kontantar		302 614	234 620
II. Finansielle omløpsmidlar		18 602	13 296
1. Aksjar og andelar	7	18 602	13 296
III. Kortsiktige fordringar		136 975	111 420
1. Kundefordringar		2 482	15 413
2. Andre kortsiktige fordringar		117 337	84 555
3. Premieavvik	11	17 156	11 451
Sum eigendelar		4 661 797	4 532 228
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital		1 476 493	1 347 732
I. Eigenkapital drift		202 718	113 408
1. Disposisjonsfond		177 360	96 269
2. Bundne driftsfond	13	25 357	17 139
II. Eigenkapital investering		6 599	5 293
1. Ubundet investeringsfond		0	0
2. Bundne investeringsfond	13	6 599	5 293
3. Udekket beløp i investeringsrekneskapen		0	0
III. Annan eigenkapital		1 267 176	1 229 031
1. Kapitalkonto	2	1 263 855	1 225 710
2. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift		0	0
3. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering		3 321	3 321
D. Langsiktig gjeld		2 945 004	2 976 695
I. Lån	9	1 572 084	1 548 175
1. Gjeld til kredittinstitusjonar		1 212 084	1 248 175
2. Obligasjonslån		160 000	100 000
3. Sertifikatlån		200 000	200 000
II. Pensjonsforplikting	11	1 372 920	1 428 520
E. Kortsiktig gjeld		240 301	207 801
I. Kortsiktig gjeld		240 301	207 801
1. Leverandørgjeld		77 867	61 711
2. Likviditetslån		0	0
3. Derivater		0	0
4. Annan kortsiktig gjeld		162 434	146 090
5. Premieavvik		0	0
Sum eigenkapital og gjeld		4 661 797	4 532 228

Lånegjeld

	Restgjeld pr 31.12.2020	Restgjeld pr 31.12.2021	Gjennom- snittsrente 2021
Kommunalbanken	650 056	606 122	1,01 %
KLP Banken	314 000	302 783	1,00 %
Sparebanken Sør		7 750	1,50 %
Husbanken	284 119	295 429	0,79 %
Sertifikatlån	200 000	200 000	0,51 %
Obligasjon	100 000	160 000	0,59 %
<i>Rentesikring</i>	<i>300 000</i>	<i>400 000</i>	<i>1,33 %</i>
Sum lånegjeld	1 548 175	1 572 084	1,15 %

Lånegjelda auka med 23,9 millionar kroner i 2021. Betalte avdrag var på 68,8 millionar kroner. Kommunen har gjennom rentesikring og fastrentelån sikra 25 % av sum lånegjeld ved utgangen av 2021. Av netto renteeksponert gjeld (jamfør note 8 og 9) er 40 % rentesikra.



Netto lånegjeld i Time er på 74,9 % noko som er høgare enn Klepp og Hå, men lågare enn dei andre i samanlikninga.

Likviditet og arbeidskapital


Differanse mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gir eit godt uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er auka med 66,4 millionar kroner i 2021 og er ved utgangen av året på 217,9 millionar kroner. Likviditeten i kommunen er god.

Fondsmidlar

Disposisjonsfond (i 1000 kr)	Disposisjonsfond - drift	
	2021	2020
Inngående balanse 1.1.	96 268	72 709
Avsettingar	99 453	51 262
Bruk av avsettingar	-18 361	-27 703
Utgående balanse 31.12.	177 360	96 268

Den store auken i disposisjonsfondet kjem av at årets overskot på 77,8 millionar kroner er avsett i 2021.

Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsformål. Det er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uventa forhold skulle inntreffa. Kommunen sitt disposisjonsfond er på 11 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2021. Korrigert for avsetning til skuldig premieavvik er disposisjonsfondet på 9,9 %. Time kommune har likevel låge frie reserver samanlikna med nabokommunane som figuren under synar.



Øyremerka fondsmidlar


Når det gjeld vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing så skal desse gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Meirinntekt på 6,7 millionar kroner i 2021 er avsett til sjølvkostfond og netto saldo for alle desse sjølvkostfonda er ved utgangen av året samla på 6,4 millionar kroner.

2.4 Økonomiske nøkkeltal

Måltal	Rekneskap		Vedtatte mål
	2020	2021	
Netto driftsresultat (korrigert for bundne fond og premieavvik)	2,7 %	5,9 %	1,5 %
Disposisjonsfond inkl årsresultat (korrigert for premieavviksfond)	5,8 %	9,9 %	6,0 %
Netto renteesponert gjeld ¹⁾	68,7 %	61,1 %	maks 60 %
Lånefinansiering av investeringane	42,8 %	36,7 %	maks 50 %
Av sum skatt og rammetilskot til investeringar	1,4 %	1,6 %	2,0 %

1) Netto renteesponert gjeld er sum lånegjeld minus utlån, lånegjeld vedrørende vass- og avløpsinvesteringar og lån med statlege rentekompensasjonsordningar.

Kommunen har vedtatt måltal for den økonomiske styringa av kommunen. Me viser her i tabellen korleis resultatet for 2020 og 2021 er målt opp mot måltala. Rekneskapsresultatet vert målt opp mot desse og måltala set rammer for framtidig budsjettering i kommunen.



Kommunen har hatt eit godt resultat i 2021. Netto driftsresultat er i 2021 på 5,9 % medan måltalet er på 1,5 %. Budsjettert resultat var på 1,3 %.

Når det gjeld disposisjonsfondet er målsettinga 6 % av brutto driftsinntekter. Når me korrigerer for premieavviksfond, utgjer disposisjonsfond ved utgangen av fjoråret 9,9 %.

Kommunen har sett mål om at netto renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vera maksimum 60 % og ligg ved utgangen av 2021 på 61 %. Kommunen ligg nå på maksimal målsetting og til samanlikning ligg KOSTRA-gruppe 7 på 58 % og landet har 54,6 %. Når det gjeld nabokommunane så har Klepp 35,9 %, Hå 28,8 % og Sandnes 56,3 %.

Lånefinansieringa av investeringane er for 2020 og 2021 godt under målsettinga om maksimalt 50 % lånefinansiering. Lånegjelda er auka med 23,9 millionar kroner i 2021.


3 Folkehelse

Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak. I 2018 reviderte Time folkehelseprofilen sin. Gjennom kafédialog og drøftingar med representantar for politisk og administrativt nivå, tilsette og frivillige lag og organisasjonar, kom ein fram til fem prioriterte område. Desse er psykisk helse barn og unge (inkludert fråfall i vidaregåande opplæring), inntektsforskjellar, eldreressursen, skulevegar og aktivitetsmangfald. Områda er prioriterte i økonomiplanen for 2022-2025 og markert som «Folkehelse».

Det er fleire positive faktorar på folkehelseområdet i Time. Det er ein stadig større del av elevar som fullfører vidaregåande opplæring, og talet på barn i hushald med låg inntekt går ned.

Psykisk helse

Gjennomføring i vidaregåande opplæring viser positiv utvikling. Gjennomføringsgrad etter 5-6 år for elevar frå Time i 2021 er på 86,8 prosent, noko som er over snittet i fylket. Det er etablert samarbeid med Bryne og Øksnevad vidaregåande skular, med konkrete mål og tiltak for å auka gjennomføringsgraden. Fram i tid er målet at ni av ti elevar gjennomfører vidaregåande opplæring.




Kjelde: www.rogfk.no

Time sitt prosjekt «Laget rundt læraren og eleven» har fått midlar i nasjonalt folkehelseprogram 2019-2023. Fokus i prosjektet er førebygging og tverrfagleg samskaping mellom ulike profesjonsgrupper i skulane. Nytt i 2021 er at det er knytt fysioterapiressursar til prosjektet og at alle skulane har tilsett operative sosialpedagogiske ressurspersonar. Målet er å finna tiltak knytt til auka fagleg og sosial meistring hos elevane.

Mobbing kan gjera stor skade på unge si psykiske helse. Det vert jobba systematisk med dette på alle skulane. Tala i år viser at det er fleire som melder om mobbing, og auken er størst på 7. trinn. For skuleåret 2021-2022 er tala frå elevundersøkinga 6,0 prosent på 7. trinn og 4,5 prosent på 10. trinn. Til tross for dette har Time òg i år lågare tal enn nabokommunane og landet.

Inntektsskilnader

Barnefattigdom¹ har vore aukande i Time frå 2014 til 2018. Den same auken ser me i nabokommunane og fylket. Time ligg likevel langt under landsgjennomsnittet og har hatt ein nedgang frå 2018 til 2020, og ligg om lag 1,5 prosentpoeng lågare enn fylket. I 2020 var det 414 barn i hushal med låg inntekt i Time. For 2019 var talet 456.



Kjelde: SSB

Systematisk arbeid for at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring er eit av dei viktigaste tiltaka for å redusera barnefattigdom og den beste føresetnaden for vidare arbeid eller utdanning. Eit anna viktig tiltak er NAV Klepp-Time sitt målretta arbeid for å redusera talet på sosialhjelpsmottakarar, spesielt blant unge under 25 år. Dette arbeidet skjer i samarbeid med mellom anna Frisklivssentralen og tiltaket «Friskliv Ung».

Oppløvinga av dårleg økonomi er subjektiv. Kommunen har mange tiltak som kan vera med å bidra til å redusera oppløvinga/konsekvensen av dårleg økonomi. Oversikt over aktuelle tiltak finn du i teksten under.

Tiltak som kommunen har for å redusera konsekvensen av barnefattigdom:


- Jærkortet. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV Klepp-Time administrerer og finansierer ordninga. Totalt 150 kort per kommune i 2021, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Tilbod om eit gratis medlemskap i eit idrettslag, samt utstyr, for sosialhjelpsmottakarar med forsørgaransvar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som mottek sosialhjelp.
- Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehage.
- Redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar for barn på 1.-4.trinn i SFO.
- Samarbeid med Bryne Røde Kors for å bidra til at barn i låginntektsfamiliar kan delta i kulturskulen.

¹ Definisjon på barnefattigdom etter EU-skala: personar under 18 år i privathushald med årleg inntekt etter skatt per forbrukseining under 60 % av medianinntekt.

- Frilager - utstyrssentral for idretts- og friluftsutstyr. Det er leigd utstyr for om lag 122 000 kroner
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med eigen koordinator for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen.
- Kommunen lånte ut 45,8 millionar kroner til startlån og utbetalte 878 000 kroner i etableringstilskot i 2021 for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Alle elevar får eigen iPad.
- Bistand til søknad om statleg bustønad til innbyggjarar med låg inntekt.

I 2022 vert det gradvis innført at barnetrygda ikkje skal telja med som inntekt når sosialhjelpa vert utmåla.

NAV Klepp-Time har høgt fokus på barn og barnefamiliar sin totale situasjon, og det vert arbeid med å ha høg kompetanse og bevisstheit på temaet blant rettleiarane.



Kjelde: NAV

Arbeidsløysa har vist ei fin utvikling i 2021 både for unge vaksne og vaksne. For Time sin del, så er det 33 i aldersgruppa 16-29 år som er heilt arbeidslause per 30.11.21. Dette er lågare enn snittet i Rogaland og nabokommunar. NAV har gjennom heile 2021 arbeid systematisk med gruppa som er arbeidslause og vil fortsetta med dette også i 2022, blant anna med tanke på utdanning og overgang til arbeid.

Ei av dei meir overraskande endringane i 2021 var at det vart registrert ei rekordstor mengde ledige jobbar, både nasjonalt og i Rogaland. Det er ei utfordring å finna kvalifiserte søkarar til stillingane og dette krev vilje til omstilling og nytenking både hos bedriftene og NAV.

Trygge skuleveggar

Det er gjort tiltak for å laga tryggare skuleveggar for elevar ved Bryne skule ved å fullføra gangfelt ved Storenubben. På Lye er belysning av undergang, fleire gangfelt, tilrettelegging for betre tilkomst mellom drop-sone og SFO utført. Det er etablert to gangfelt langs Markvegen på Kvernaland og opphøgde gangfelt med intensivbelysning ved Vardheia ungdomsskule.

Eldreressursen

Pandemien har sett sitt preg på frivillig innsats i 2021. Frivillig arbeid knytt til behov og oppgåver når det gjeld pandemien har vore organisert gjennom Time Frivilligsentral. Eksempel på frivillig innsats er bistand i vaksinerings og pakking og utlevering av sjølvtestar.

Frivillige lag og organisasjonar ønsker i større grad samarbeid med frivilligsenteret for samarbeid om ulike aktivitetar og kva dei kan bidra med. Dette kom også tydeleg fram i medverknadsopplegget i forbindelse med revisjon av samfunnsdelen. Ressursar til koordinering og tilrettelegging av møteplassar, både i tettstadene og på Bryne, vil vera eit viktig satsingsområde framover.

Time kommune, i regi av Time frivilligsenter og Fritid, har i 2021 delteke i det nasjonale prosjektet «Mobilisering av seniorressursen» saman med 13 andre kommunar. Prosjektet har gitt kommunen nye verktøy i arbeidet med eldreressursen. Program og aktivitetar på Time frivilligsentral er auka i 2021 for å møte aukande behov for treffpunkt og møteplassar og samarbeid om aktivitetar. Dette gjeld frivillige lag og organisasjonar og kommunale tenester som Frisklivssentralen, Kvardagsrehabilitering og Fritid.

Aktivitetsmangfald

Friluftsområda i kommunen har vore ekstra viktige i åra med pandemi. Mange innbyggjarar var ute på tur når andre tilbod var stengde ned. Turboka på Karten viser at om lag 4200 personar har besøkt toppen i perioden mai 2019-desember 2021. Det vart lagt ut turbrosjyrrar for «Ti Turar i Time 2021» i matbutikkane i heile kommunen. Det er også i 2021 utført skilting og tilrettelegging av turløyper for å gjera turområda i kommunen meir tilgjengelege. Det er etablert frisbeegolfanlegg i Sandtangen i samarbeid med Brynes Vel. I samarbeid med alle barneskulane vart det gjennomført «Gå-til-skulen-aksjon» hausten 2021, med fokus på aktivitet og bruk av refleks.

Ein ny idrettshall med turnhall knytt til Vardheia ungdomsskule vart teken i bruk ved skulestart i 2021. I tillegg til at barn og unge nyttar hallen til skule- og fritidsaktivitetar, er det også funne plass til trening for seniorar/60+ i regi av Frisklivssentralen. Friskliv SENIOR vart etablert i 2021, med formål om å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbyggjarar over 65 år. Mange lag og foreiningar, saman med kommunen, arrangerte gratis «Sommarsskule» for barn i grunnskulealder. Sivdammen helsebasseng var ope i heile juli månad, til stor glede for mange barnefamiljar.

4 Tenester

4.1 Hovudtal per tenesteområde

Fordelt per tenesteområde Netto driftsutgifter (i 1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Rekneskap	Avvik (B-R)
	2021	m/endingar 2021	u/endingar 2021	2020	2021
Oppvekst	513 779	502 248	487 604	486 824	-11 531
Omsorg	341 526	337 481	315 959	314 259	-4 045
Samfunn	205 318	201 962	189 781	193 613	-3 356
Stabstenester	67 716	68 646	66 731	65 472	931
Sum nettodriftsutgifter	1 128 339	1 110 337	1 060 075	1 060 168	-18 001

4.2 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar 24 verksemder. Av desse er 10 skular (4 ungdomsskular, 6 barneskular med skulefritidsordning), 8 kommunale barnehagar (ein med avdeling open barnehage), helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste, familiesenter), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (vaksenopplæring) og Flyktningetenesta for Time og Klepp. I tillegg er det 1 privat skule (1-10) og 9 private barnehagar i Time. Tenesteområdet har òg styrka barnehagetilbod, Ungdomsteam og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT), som er organiserte inn i fagstab Oppvekst.

Tenesteområdet skal gi opplæring til barn og unge i samarbeid med foreldre og føresette, driva førebygging og gi hjelpe- og støttetiltak slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

4.2.1 Økonomi

Oppvekst	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Rekneskap	Avvik (B-R)
	2021	m/endingar 2021	u/endingar 2021	2020	2021
Administrasjon	7 750	8 148	8 008	6 836	398
Pedagogisk psykologisk teneste	7 095	7 535	7 381	7 125	440
Barnehagar	178 832	177 529	171 204	178 705	-1 303
Undervisning	252 435	244 769	239 631	232 820	-7 666
Vaksenopplæring	1 050	3 357	3 039	2 576	2 307
Kulturskule	6 926	6 726	6 490	6 453	-200
Helsestasjons- og skulehelseteneste	17 176	16 536	15 205	14 577	-640
Førebyggjande arbeid ungdom	1 675	2 186	1 632	171	511
Barnevern	40 840	35 462	35 014	37 097	-5 378
Tenester utanfor ord. kom. ansvar	0	0	0	464	0
Sum Oppvekst	513 779	502 248	487 604	486 824	-11 531

Tenesteområdet har eit samla meirforbruk i 2021 på 11,5 millionar kroner.

Meirforbruk på barnehagar på 1,3 millionar kroner har samanheng med at ein større del av barnekulla ønska barnehageplass enn det talet som vart lagt til grunn for budsjettet.

Undervisning har eit meirforbruk på 7,7 millionar kroner. Alle grunnskulane har hatt meirforbruk. Meirforbruket vert i hovudsak synleggjort i samband med manglande ressursar til finansiering av spesialundervisning og tiltak for tidleg innsats.

Helsestasjons- og skulehelseteneste har eit meirforbruk på litt over 0,6 millionar kroner. Sviktande driftsinntekter knytt til reisevaksinering, høgare lønnskostnader og ekstra kostnader knytt til digitalisering er årsaker til meirforbruket.

Barnevern har eit meirforbruk på 5,4 millionar kroner. Hovudårsak er kostnader knytt til tiltak utanfor heimen. I tillegg eit meirforbruk på lønn i samband med å få justert ned sakkemenge. Årsaka var samansett, både i forhold til endringar i tenesta og eit høgt sjukefråvær. Det vart difor sett inn ekstra ressursar for å sikra tenesta.

Vaksenopplæring har hatt eit mindreforbruk på 2,3 millionar kroner. Tenesta har gjennomført fleire justeringar i drifta dei siste åra. Ny modell for fordeling av kostnadene mellom dei samarbeidande kommunane vart innført frå hausten 2021. Endringa gjer talet på årsverk meir føreseieleg. Det har i tillegg kome større tilskot og støtte enn forventa. Tenesta har òg hatt auka sal av tenester utanom samarbeidsavtalen med kommunane Klepp og Hå.

Mindreforbruk knytt til Førebyggande arbeid ungdom skuldast vakansar i stillingar grunna permisjon og sjukefråvær.

4.2.2 Rapportering om tiltak 2021

Tiltak	Merknader	
Felles tiltak Oppvekst		
Forankra og ta i bruk verktøya BTI (Betre tverrfagleg innsats) og Stafettloggen i organisasjonen (Folkehelse).	D	BTI-arbeidet er i gang og rettleiar er i utvikling og justering. Dette er sterkt knytt opp mot barnevernreform og samordning av våre tenester. Fleire planar blir knytt opp mot denne for å få samanheng. Stafettlogg er ikkje starta opp. Dette heng saman med at prosesser er forsinka grunna pandemi.
Delta i pulje fire og fem i den statlege satsinga med fokus på inkluderande barnehage og skulemiljø (IBS) (Folkehelse).	U	
Følgja opp prosjektet «Laget rundt læraren og eleven (LLE)» i samarbeid med helsestasjonen og PPT på alle skulane (Folkehelse).	U	
Utarbeiding av ny overordna språkplan for barnehage og skule.	D	Arbeid utsett som følgje av pågåande pandemi.
PPT skal saman med fagstab testa ut nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og skulane (Folkehelse).	I	Arbeidet tatt inn i andre satsingar.
Revidering av Strategiplan for Oppvekst.	D	Evaluering sett i verk
Barnehagar		
Tilpassa tal på barnehageplassar ut frå søkarar.	U	

Barnehagane skal konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring til fleispråkelege barn.	D	Fleispråkleg rettleiar jobbar ut mot enkeltbarnehagar, for å bistå med rettleiing og konkrete tiltak.
Satsing i alle barnehagar knytt til tema; leik og inkluderande barnehagemiljø (Del av hovudfokus 2019-22 «Barns trivsel») (Folkehelse).	U	
To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktiskar barnehagar.	U	
Starta opp arbeidet med satsinga «Småbarnsavdelingar av høg kvalitet» (Folkehelse).	U	
Barnehagane Lyefjell, Monsanut, Vestly Idrettsbarnehage, Maurtua og Jærbarnehagen (privat) startar opp i prosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» (Folkehelse).	U	
To barnehagar skal delta i eit profesjonsfaglig utviklingsprosjekt (PUST) kring temaet "Teknologi i barnehagen".	U	
Planlegga for overgang til digitale barnemapper i 2021 med implementering i 2022.	U	
Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leiing i alle ledd», som er ein del av satsinga i kompetanseplanen for Region Rogaland Sør (ReKom).	U	
Sertifisera og testa ut bruk av Class i barnehagane. Time, Gjesdal, Hå og Klepp vil sertifisera seg innan Class slik at ein kan nytta eit felles verktøy om ein skal gå på tilsyn på tvers av kommunane.	U	
Undervisning		
Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet», jamfør Kompetanseplan skule.	U	
Ungdomsskulane skal starta opp og delta i prosjektet «Resilient» i samarbeid med Universitetet i Stavanger (Folkehelse).	U	
Skulane skal gjennom prosjektet "Laget rundt læraren og eleven" og deltakinga i inkluderande skulemiljø (IBS) testa og jobba med tiltak i prosjektplanane (Folkehelse).	U	
Utarbeida ny overordna språkplan for barnehage og skule.	D	Arbeid utsett som følgje av pågåande pandemi.
Utvalde lærarar på skulane i Time skal vera del av innovasjonsprosjektet «DigUp» i samarbeid med Universitetet i Stavanger.	U	
Ta i bruk løysing for digitale elevmapper.	I	Oppstart 2022
Operasjonalisera mål i strategi for pedagogisk bruk av læringsteknologi.	D	
Alle skulane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde.	I	Kommunen har gått bort frå føringar om bruk av metoden.
Rektorane på alle skulane har teke vidareutdanning i elev- og arbeidsrett.	D	
PPT, Barnevern, Time Kulturskule, Bryne Kompetansesenter (BKS,) Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)		
BKS fortsett å justera drifta ut frå aktivitet.	U	
Samorganisering av BKS og flykntingtenesta.	U	Vedtak endra til samlokalisering

Ha ekstra fokus på elevplassar til søkarar frå familiar med framandkulturelt opphav i kulturskulen.	U	
PPT skal arbeida meir på systemnivå og ute i organisasjonane (Folkehelse).	D	Gjennom LLE er PPT fast ute på skulane ein halv dag i veka og ca 1gang per måned i barnehagane. Auka fokus på systemarbeid også gjennom IBS og UPS (både skular og barnehager).
Kompetansen til helsesjukepleiar skal nyttast meir på systemnivå for alle elevane (Folkehelse).	D	Helsesjukepleiarar opplever at dei er meir medvitne i forhold til å jobba systemisk.
Kulturskulen nyttar aktivt digitale informasjonsplattformer og utviklar opplegg for digital undervisning.	U	
Leiinga ved kulturskulen nyttar verktøy frå leiarutdanninga LAP 1 (leiing av prosessar) i den daglege drifta.	U	
Gjennomgang av finansieringsmodellen for BKS med sikte på større risikodeling med samarbeidskommunane Hå og Klepp.	U	
U = Utført D = Delvis utført I = Ikkje utført		

4.2.3 Handtering av pandemien

Tenesteområdet har på lik linje med resten av kommunen vore prega av den pågåande pandemien.

Alle tenestene i Oppvekst har vore påverka, men i hovudsak er det skular, barnehagar og helsestasjon som har hatt det største trykket. Dette har kome til uttrykk i nedjustering av kvaliteten i tilbodet, redusert fokus på utviklingsarbeid, bortfall av tiltak knytt til skulemiljø for elevane og arbeidsmiljø for tilsette. Arbeid med planar og målsetting i utviklingsplan har blitt nedskalert.

Samstundes har det gjennom heile pandemien vore eit mål å skjerme barn og unge. Skular og barnehagar har vore organisert ut frå nasjonale føringar og i tråd med trafikklysmodellen. Som i 2020 har det vore utfordrande å gi eit mest mogleg ordinært tilbod og samtidig ivareta føringar for smittevern. Året har veksla mellom gult og grønt nivå i trafikklysmodellen og særleg siste del av 2021 vart utfordrande. Auke i smitte og innstraming i nasjonale tiltak førte til auka fråvær i siste kvartal.

Helsestasjonstenestane har hatt hovudansvar for organisering og gjennomføring av smittesporing. Det har vore eit krevjande arbeid, og belastninga har svinga i tråd med smittetala. Tenesta har likevel klart å ha ordinær drift og tilbod til barn og unge.

Kommunen søkte om og fekk tildelt midlar til gjennomføring av sommarskule for barn og unge i 2021. Tilbodet fekk namnet SommarTime og vart gjennomført i tett samarbeid mellom Oppvekst, Fritid og lokale lag og foreiningar.

Tenesteområdet hadde eit samla sjukefråvær på 6,1% i 2021. Dette er ein nedgang på 0,7 % frå 2020, då talet var 6,8 %. Det samla sjukefråværet har vore lågt i dei tre første kvartalane i 2021, og særleg i 3. kvartal. I 4. kvartal gjekk fråværet opp til 7,7 %.

4.2.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

Tenesteområdet Oppvekst har jobba aktivt med tidleg innsats og førebygging, som er eit av kapitla i strategiplanen for Oppvekst. Det arbeidet har pågått i fleire år, og er i 2021 sett i samanheng med barnevernsreforma og arbeidet med Betre Tverrfagleg Innsats (BTI).

Som ein del av dette arbeidet har pågåande satsingar vore prioriterte vidare. Desse er:

- Vidareføring og utviding av deltaking i statleg satsing «Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS)». Time kommune har delteke i fleire puljar. Pulje 4 vart avrunda i 2021 og pulje 5 vert avrunda i 2022. Dei fleste einingane har då vore gjennom eller er i gang med arbeidet.
- Vidareføring av «Laget rundt læraren og eleven (LLE)». Det tverrfaglege samskappingsprosjektet har mål om å finna tiltak som kan føra til at fleire elevar enn i dag opplever meistring og tilhøyrse i skulen. Det blei gitt 6,7 millionar kroner i Folkehelsemidlar frå fylkeskommunen, og prosjektet vert følgt av forskingsmiljøet i partnerskap med VID (Vitenskapelig høyskole) i perioden 2019-2023.
- Oppstart av satsinga «Utviklingstøttande praksis på småbarnsavdelingane (UPS)», eit interkommunalt prosjekt saman med Klepp, Time og Hå kor målet er å skapa ein digital kompetanseplattform på grunnlag av resultat frå kartlegging i alle kommunane.

Konkrete tiltak knytt til tidleg innsats:

- Arbeid med etablering av handlingsretteiar for BTI.
- Etablering av Tverrfagleg tiltaksteam, som erstatta tidlegare modell for ressursteam.
- Ungdomsteamet vart etablert

Heile tenesteområde har i 2021 jobba for å nå den langsiktige målsettinga knytt til førebyggjande arbeid med barn og unge. Arbeidet viser at det er viktig at grunntenestane har handlingsrom for å kunne jobbe med gode universelle tiltak. Fortsatt blir dette utfordra av at ressursbruken i dag i stor grad må settast inn i individuelle tiltak til barn og unge.

Våren 2021 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon med tema «[Psykisk helse for barn og unge](#)». Rapport frå revisjonen vart lagt fram i juni 2021 og både tenesteområde Oppvekst og Omsorg har jobba med oppfølging av tilrådingane som vart gitt. Rapporten er nytta i samanheng med barnevernsreforma og i arbeidet for å bygge tettare koplingar mellom støtte- og grunntenestane.

Juli 2021 vart Flyktingetenesta for Time og Klepp flytta over frå tenesteområde Samfunn til Oppvekst.

Digitalisering har vore viktig i 2021 i alle tenestene i Oppvekst og i kommunen generelt.

- I skulesektoren er dette knytt opp mot VISMA flyt skule, der plattformen no vert heilskapleg og brukt i kommunikasjon med føresette i tillegg til å vera eit administrativt verktøy knytt til forvaltning og digital timeplanlegging og timeføring. I tillegg vart løysing for digitalt elevarkiv valt.
- I Barnehagesektoren vart digitalt system for å ta i vare internkontroll implementert hausten 2021 (Eik). Hausten 2021 vart heilskapleg barnehageadministrativt system (MyKid) kjøpt inn etter anbod. Systemet ivaretek både opptak, kommunikasjon med føresette og fakturering.

- Helsestasjon har innført bruk av Digihelsestasjon som sikrar betre samhandling og kommunikasjon med både innbyggjarar og andre tenester.
- PPT har starta med å digitalisere kartleggingsverktøyet som vert nytta ved utgreiing (Visma Flyt PPT).

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Oppvekst hadde 12 lærlingar fordelt på barnehagar, skular og SFO i 2021. 5 av desse avla fagprøve i løpet av året. Hausten 2021 vart 4 nye lærlingar tatt inn. Det var få søkarar til stillingar som lærling i 2021. Noko som mellom anna hang saman med at fleire i årskullet enn vanleg valde å gå direkte vidare til påbygg. Det vart gjennomført fleire fagsamlingar saman med dei andre Jærkommunane, både for lærlingane og for instruktørane.

Fleire barnehagar og skular har i periodar hatt praksiselevar frå vidaregåande og studentar frå universitet og høgskular. Det same gjeld barnevernstenesta og helsestasjonstenesta som òg har avtale om å ta imot studentar for praksis i tenestane.

20 lærarar har tatt vidareutdanning gjennom statleg ordning. Dei fleste tek fordjuping i faga norsk, engelsk og matematikk. Men òg i faga norsk som andrespråk, spesialpedagogikk, digital kompetanse, programmering, tysk og sosialpedagogikk.

Både barnehage, skule og PPT har delteke i statlege kompetanseordningar. For barnehageområdet kallast ordninga «Regional ordning for kompetanseutvikling», medan skuleområdet har «Desentralisert ordning for kompetanseutvikling». Ordninga for PPT vert kalla «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis».

To styrarar har tatt barnehagestyrarutdanning. Det vart òg jobba med målretta rekruttering av eigne tilsette i barnehagane gjennom ABLU-ordninga (arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning).

Med utgangspunkt i utviklingsplanen til einingane, blir det kontinuerlig lagt til rette for kurs og jobba med intern kompetanseutvikling. Desse kjem i tillegg til dei store og overordna satsingane som er omtala tidlegare.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT har eit mindreforbruk i 2021 på 0,45 millionar kroner. Time PPT har også ansvar for oppfølging av elevane frå Klepp som går på Vardheia ungdomsskule.

PPT skal vera ei fagleg kompetent teneste og oppdatert på ny forskning. I 2021 har PPT revidert mal for sakkunnig vurdering skule i tråd med lovverk og større fokus på barnet si stemme. Malar for barne- og elevsamtaler er under utarbeiding.

Tabellen under viser talet på aktive saker dei siste tre åra, fordelte på alder.

Ved årsslutt	Nye tilvisinger	Alder 0-5 år	Alder 6-15 år	Vaksne logopedi	Sum saker	Venteliste
2019	105	64	372	29	465	0
2020	100	59	351	23	433	1
2021	200	65	414	30	509	4*

*gjeld logoped til barn

Det har i første halvdel av 2021 vore ei auke i nye tilvisingar til PPT og PPT hadde i den perioden venteliste.


Auken av tilvisingar er jamt fordelt mellom 0-5 år, 1.- 4.trinn, 5.-7.trinn og 8.-10.trinn. Alle overgangar i barnehage og skule ser ut til å føra med seg auka tilvising til PPT.

Me ser ein auke det siste året i tilviste saker som handlar om urovekkjande fråvær. Dette er ein tendens som går igjen i fleire kommunar. Ein ser òg ei aukande tendens til at fleire elevar ikkje meistrar å vera i elevrolla.


Tendensen over tid har vore nedgang i talet på spesialpedagogiske vedtak, men den store auken som ein ser i 2021 medfører uro og det er nødvendig å gå inn i større arbeid med å identifisera årsaker og setja inn eventuelle tiltak fram i tid.

PPT hadde eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 2,5% i 2021. Tilsvarende tal for 2020 var 4,4%.

Barnehage




Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år i Time, er i 2021 høgare enn Klepp og Hå, men lågare enn dei andre i samanlikninga.



Brutto driftsutgifter per oppholdstime i kommunale barnehagar viser at kommunen ligg under landsgjennomsnittet og Klepp og Hå, men over Sandnes.

Ved rapportering 15. desember 2021 var det registrert 1 147 barn i barnehagane i Time. 607 av desse hadde plass i kommunal barnehage, medan 540 hadde plass i privat barnehage. Prognosane ved inngangen til 2021 viste fortsatt nedgang i barnetal, men trass nedgang i barnetal var det fleire barn i barnehagane i 2021. Dette skuldast at ein større del av årskulla går i barnehage. Sjå kapittel 9.1.1 for fleire nøkkeltal for barnehagane.



Kjelde: BASIL

Tabellen viser barn i barnehage med enkeltvedtak etter gjeldande lovverk. Det er ein nedgang i delen barn med spesialpedagogiske tiltak samanlikna med tidlegare år. Noko av endringa må sjåast i samanheng med at lovverket har endra kva type tiltak som skal nyttast. Tidlegare blei alle vedtak om særskilt hjelp til barn heimla og registrert som spesialpedagogisk hjelp. No er delar av tiltaka heimla i vedtak om tilrettelegging i barnehagen, og desse blir ikkje registrert som vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Time kommune har saman med Gjesdal, Hå og Klepp fått midlar gjennom «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» til prosjektet «Utviklingstøttande praksis på småbarnsavdelingane». Prosjektet vert gjennomført i perioden 2020 - 2024 og fokus vil vera kvalitet i det allmennpedagogiske. Målet er at dette over tid skal redusera behovet for spesialpedagogisk hjelp og sikra at fleire barn får hjelpa dei treng i det ordinære barnehagetilbodet.

Tabellen under viser redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.


Årstal	Tal på barn	Familiar med redusert foreldrebetaling	Prosentdel med redusert foreldrebetaling	Del av desse med redusert kjernetid i tillegg	Prosentdel m/reduksjon
2017	1120	102	9,1 %	62	60,8 %
2018	1182	104	8,8 %	92	88,5 %
2019	1151	104	9,0 %	79	76,0 %
2020	1117	90	8,1 %	87	96,7 %
2021	1147	106	9,2 %	103	97,2 %

I 2016 vart ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid innført av sentrale styresmakter. I 2021 har me ei auke på talet på familiar med redusert foreldrebetaling. Det er òg ei auke i familiar som har fått innvilga fri plass grunna låg inntekt.

I 2021 vart og prosjektet PUST starta. Prosjektet er knytt til digital praksis og Vestly idrettsbarnehage og Trollongane barnehage deltek. Det er laga handlingsplan, og barnehagane er i gang med praktisk utprøving av ulike digitale verktøy i barnehagen. Prosjektet er eit samarbeid med Universitetet i Stavanger, profesjonsfagleg utviklingsprosjekt inkludert forskning.

Samla sjukefråvær i barnehagane vart 8,4 %, som er same gjennomsnitt som i 2020. Sjukefråværet var relativt lågt dei 3 første kvartalane, med ei auke i 4. kvartal.

Undervisning



Netto driftsutgifter per elev i Time er som i Klepp, men over Hå og Sandnes og under landsgjennomsnittet. Hå sine tal kan ikkje direkte samanliknast då dei har mange barn i private skular.


Ved rapportering 1. oktober var det registrert 2 783 elevar i grunnskulen i Time. Av desse går 1 933 elevar på 1.-7. trinn og 850 på 8.-10. trinn. Om lag 100 av elevane på ungdomstrinnet kjem frå Klepp kommune, men er elevar på Vardheia ungdomsskule som starta opp hausten 2021 med 8. og 9. trinn.

Ved rapportering 1. oktober vart det registrert 505 elevar på 1.-4. trinn som nytta skulefritidsordninga. Det er ein auke på 32 elevar frå 2020, jamfør kap. 9.1.3.

Sjå kapittel 9.1.2 og 9.1.3 for fleire nøkkeltal for skulane og skulefritidsordninga.

Skulane har òg i 2021 gjennomført elevundersøking og foreldreundersøking. Oppsummering av resultatane er kort omtala i kapittel 7. Funn frå undersøkingane og andre læringsresultat for 2021 vert presentert i eigen Kvalitetsmelding og tilstandsrapport for Jærskulen 2021 og i tilhøyrande saksframlegg. Resultatane er tilgjengelege på Utdanningsdirektoratet si nettsida via [analysebrettet](#).

Tabellen under syner at det har vore ei positiv utvikling dei fem siste åra for gjennomføringsgrad i vidaregåande skule for våre elevar. Gjennomsnittleg har denne auka frå 71,5 % av elevane som gjekk ut av 10. klasse i 2011 til 86,8 % av elevane som gjekk ut av 10. klasse i 2014.




Kjelde: www.rogfk.no

I 2020 vart statistikken endra slik at ein nå måler gjennomføring etter 5 år for studieførebuande, og etter 6 år for yrkesfagleg utdanningsprogram. Dei to siste åra 2020 og 2021 kan direkte samanliknast, og viser framleis positiv utvikling.


I samarbeidet med Klepp kommune, Bryne vidaregåande skule og Øksnevad vidaregåande skule er delmålet i «Overgangsplan frå grunnskule til vidaregåande skule» for gjennomføring, at 82 % av elevane skal fullføra og bestå vidaregåande opplæring i 2024. Dette målet er for Time sin del justert opp til at 9 av 10 av våre ungdommar skal fullføra vidaregåande opplæring.

Alle skulane ligg innanfor lærarnorma som er 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Men skulane har hatt utfordringar knytt til å innfri kravet om at det skal settast inn særlege tiltak med ein gong det vert avdekka at elevar på 1.-4. trinn har behov for oppfølging innanfor lesing og rekning jamfør § 1-4 i opplæringslova.



Kjelde: Analysebrettet - Udir.no

Del av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning har frå 2021 auka på alle trinn samanlikna med tidlegare år. Registrering per 1. oktober 2021 syner at talet på enkeltvedtak frå 2021 aukar mest på ungdomstrinnet (8.-10.trinn).



Kjelde: GSI

Talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp har gått opp i 2021 samanlikna med tidlegare år. Det har det over tid vore eit stort omfang av timar knytt til mange av enkeltvedtaka. Konsekvensen av utviklinga med auke i talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp, og auka omfang i timar er at dette vil binda meir av ressursane i skulen totalt sett.

Det har over fleire år vore jobba med å få til ei dreining kor ressursane i større grad kan nyttast inn i det allmennpedagogiske, slik at flest mogleg elevar får hjelp via tilpassa opplæring, og ikkje får behov for spesialundervisning. Auken i delen av elevar med vedtak om spesialundervisning i 2021 er ikkje eit isolert funn for Timeskulen. Tal på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå i nærliggande kommunar viser same utvikling. To år med pandemi og store

endringar i skuledagen kan vere noko av forklaringa. Samstundes syner tala ei utvikling bort frå målsettinga.

Tilsyn knytt til skulebasert vurdering blei gjennomført av Statsforvaltaren frå oktober 2020 til mai 2021. Frøyland skule og Frøyland ungdomsskule vart tekne ut som deltakarskular i tilsynet. Det blei påpeika at mykje var på plass på skulane, men også avvik på begge skulane. Våren 2021 blei det gjennomført omfattande arbeid knytt til utarbeiding av rutinar og system som omhandla føringar for oppfølging av: kartleggingsprøvar, elevundersøking, vurdering i fag og årshjul for involvering av elevar, tilsette og foreldre. På overordna nivå blei årshjulet som leiinga på skulane skal følgja opp revidert, og tittel blei endra til «System for kvalitetsutvikling». Systemet blei utvikla slik at det tek i vare oppfølginga av krav om internkontroll som ligg i lovverket.

Ei viktig oppgåve i Jærskule-samarbeidet er rekruttering av kvalifiserte lærarar. Talet på søkarar har auka frå 2014 til 2021. I 2021 hadde Time 190 søkarar der 181 var kvalifiserte i hovudutlysinga.

Sjukefråværet i skulane ligg med eit snitt på 5,3 % i 2021. I 2020 var snittet for skulane 5,6%. Sjukefråværet var relativt lågt dei 3 første kvartal, med ein markant auke i 4. kvartal.

Vaksenopplæring – Bryne kompetansesenter (BKS)

Time kommune er vertskommune for vaksenopplæringa for Hå og Klepp. BKS er ansvarleg for fagleg innhald, utvikling og drift. Leveranse og finansiering er regulert gjennom samarbeidsavtalar som blei underteikna i 2021. Ved utgangen av 2021 hadde kompetansesenteret omlag 190 deltakarar totalt frå dei tre kommunane. Oversikt i kapittel 9.1.5 syner fordeling av deltakarar på dei ulike tilboda og mellom kommunane.

BKS hadde i 2021 opplæring på to hovudområde:

- BKS gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar etter introduksjonslova for deltakarar frå Hå, Klepp og Time kommune. I tillegg kan personar utan lov og rett kjøpa denne tenesta av BKS.
- BKS gir grunnskuleopplæring til vaksne deltakarar frå Klepp, Time og Hå kommune. BKS er med i prosjektet «FVO (førebuande vaksenopplæring)». I prosjektet er læreplanar tilpassa vaksne innvandrarar, og det er mogleg å få både norsk språkopplæring og undervisning i grunnskulefag samtidig.

Bryne kompetansesenter er tilbydar av statsborgarprøve, norskprøve og prøve i samfunnskunnskap. Dette er prøvar som er etterspurde, og i mange tilfelle prøvar ein må betala for. Det er også eit stort behov for informasjon og rådgeving kring rettigheiter, lovverk og støtteordningar til deltakarar og andre.

Sjukefråværet for Bryne kompetansesenter var på 2,5 % i 2021. I 2020 var snittet for tenesta 5,7%.

Time kulturskule

Kulturskulen har ei auke i aktive elevplassar frå 642 til 680 i 2021. Sjå kapittel 9.1.6 for fordeling av elevar på dei ulike tilboda. Kulturskulen ligg stabilt på om lag 250-270 søknader som ikkje vert innvilga.

I 2021 har Kulturskulen arbeidd vidare etter overordna mål om ein aktiv og tilgjengeleg kulturskule for alle. Kvardagsfokus på læring, oppleving og utøving innan eit breitt kunstnarisk fagtilbod som fremmer integrering og inkludering.

Time kulturskule markerte sitt 50-årsjubileum gjennom heile 2021. Jubileet vart avrunda med ei stor førestilling i Storstova i november, der representantar frå alle fagfelt i kulturskulen var aktørar.


For å kunne gi fleire barn og unge tilgang til Kulturskulen har ein òg i 2021:

- hatt eit kontinuerleg samarbeid med "Alle med-koordinator" i kommunen for å ha ekstra fokus på elevplassar til søkjarar frå familiar med framandkulturelt opphav.
- søkt om midlar til dekking av elevkontingent/friplass og utgifter til instrumentleige/utstyr via Røde Kors Coop-dugnaden og Røde kors Grasrotfond.

Politisk sak om kulturskulen sine framtidige lokalitetar vart handsama i kommunestyret desember 2021. Ny sak med forslag til alternative løysingar samt tydeleggjering av kulturskulen sine behov skal leggst fram innan 3. kvartal 2022.

Kulturskulen har eit sjukefråvær på 4,1% i 2021, som er 1,2% lågare enn tilsvarande tal i 2020.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta



I desse utgiftene ligg førebyggjande tiltak som gjeld pandemihandteringa. Kostnadene har derfor auka betydeleg frå 2020 til 2021 for alle kommunar. Kommunane har nok også ført covid-utgiftene litt ulikt.

Helsestasjonen 0-5 år har nådd sitt mål om å utvikla felles faglege prosedyrar og rutinar for helsestasjon og helsestasjonslegar. Arbeidet med å utvikla nye samarbeidsrutinar mellom helsestasjon og barnehage er starta opp.

Skulehelsetenesta har òg gjennomført sine oppgåver og har gjennom 2021 jobba vidare med å knyte seg tettare til skulane. I arbeidet med «Laget rundt læraren og eleven» bidreg helsesjukepleiarane med undervisning både til lærarar (COS-skule) og elevar.

Tenesta har gjennomført særskilt helseoppfølging av flyktningar i samband med busetting. Dette gjennom eit samarbeid med Flyktingetenesta.

Jordmortenesta har til tider vore prega av høgt sjukefråvær, og det har ikkje vore mogleg å få tak i kvalifiserte vikarar. Førstegongsfødande har vore prioritert.

Familiesenteret arbeider systematisk med FIT «feedback informert tilbakemelding» og har hatt fagleg fordjuping i tema angst og skulefråvær.

Tenesta har eit sjukefråvær på 6,6% i 2021. Dette er ei auke frå 4,9% i 2020. Det har vore fleire langtidssjukemeldte i 2021.

Førebyggjande arbeid ungdom


Gjennom bruk av prosjektmiddel og flytting av ressursar er det tilsett to personar i totalt 130 % stilling som saman med SLT-koordinator og tilsett i rus og psykiatri utgjer ungdomsteamet. Alle tilsette var på plass i starten av 2021, og prosessen mot eit permanent team starta.

Det kriminalitetsførebyggjande arbeidet har vore prioritert. SLT-koordinator har leia Operativ SLT-gruppe og Politiråd, og har i løpet av hausten 2021 reetablert Oppvekstteam i Bryne sentrum, Frøyland, Lye og Undheim. I tillegg har SLT stor grad av samhandling med nabokommunane i samarbeidet SLT-Jæren, samt med fleire av kommunane i Rogaland i samarbeidet SLT Sør-Vest.

Ungdomsteamet har som mål å bidra til å sikra rett hjelp til rett tid på rett stad, og skal på lang sikt gi ungdommen lyst på livet og evne til å meistre det. Tilbodet er eit frivillig lågterskeltilbod for barn og unge i aldersgruppa 12-23 år som det er identifisert uro knytt til, som for eksempel rus, åtferd, urovekkande fråvær, kriminalitet og psykisk helse.

2021 har i stor grad blitt brukt til å gjera ungdomsteamet synleg i kommunen ved hjelp av omfattande oppsøkjande arbeid både i skular, i nærmiljøet og på fritidsarenaer. Målet er at alle i målgruppa skal kjenna til at det eksisterer eit ungdomsteam.

Barnevern



Tal for KOSTRA gruppe 7 er ikkje publisert ennå.

Barnevernreforma vart sett i verk 01.01.22 og tenesta har brukt mykje tid i 2021 til førebuing for å ta imot nye oppgåver. I tillegg har året blitt nytta til å få kontroll på saksmengde og auka stabilitet i tenesta, spesielt i avdeling for omsorg. Det er blitt arbeidd med sjukefråværet i heile tenesta og å lukka avvik identifisert av Statsforvaltaren.

Gjennom året har barneverntenesta hatt rettleiing av KS-konsulent for å sjå på leiing, roller og organisasjon. Dette arbeidet blei starta opp i juni 21, og held fram inn i 2022.

Tenesta har i 2021 utarbeida ein eigen tilstandsrapport som vert lagt fram for politisk handsaming våren 2022, i tråd med nye føringar i barnevernlova (§ 2-1).

Barneverntenesta i Time er vertskommune for ei felles tiltaksavdeling med Klepp og Hå. Som følgje av arbeid med føringar knytt til barnevernsreforma, blei alle kommunane samde om å styrke avdelinga med 1 stilling kvar frå januar 2022.

Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2021 var på 11,7%. Langtidsfråværet har vore på 9,9%, men denne har hatt ein markant nedgang frå 2. til 4. kvartal (11,3% til 7,5%). Korttidsfråværet i 4. kvartal er dobbelt så høgt som tidlegare kvartal. Dette skuldast koronarelatert fråvær.

4.2.5 Utfordringar framover

- Finansiering av grunnskulesektoren: Modell for ressursfordeling mellom skulane har som målsetting å sikra at skulane får finansiering av minimumskrava som er sette i lov og avtaleverk (leiing, ulike funksjonar, lærarnorm med meir). Det er behov for ein gjennomgang av modellen og ressursbruken i sektoren.
- Arbeid for å auke handlingsrommet i grunntenestane gjennom endring av ressursbruk knytt til individuelle tiltak (rett hjelp, til rett tid, på rett stad).
- Statleg målsetting at 50 % av dei tilsette i barnehagane skal ha utdanning som barnehagelærar. Kommunen er nære målsettinga som er viktig for å sikra fagleg kompetanse og god leiing.
- Busetting av flyktningar: Kommunen må vurdere korleis tilskot til flyktningar vert nytta til dei ulike tenestene, som følgje av endra føringar knytt til mottak av flyktningar.
- Komande politiske saker:
 - Lokalisering av Kulturskulen
 - Etablering av ATO-avdeling i Time kommune
 - Oppfølging av verbalvedtak i økonomiplanen 2022-2025 knytt til barnehageopptak, læremiddel i skulane og barnehagane

4.3 Omsorg

Tenesteområdet omfattar administrasjon med teneste- og samordningskontor, institusjonsteneste, heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse og rusarbeid, aktivitets- og servicetenester og samhandling. Omsorg har fokus på folkehelse, tidleg innsats, kompetanse, brukarmedverknad, kvalitet, effektivisering, heiltid, velferdsteknologi og rett teneste på rett nivå til rett tid.

4.3.1 Økonomi

Omsorg	Budsjet		Budsjet		Avvik (B-R)
	Rekneskap 2021	m/endingar 2021	u/endingar 2021	Rekneskap 2020	
Administrasjon og tenestekontor	10 606	11 121	10 794	10 468	515
Institusjonstenester	74 667	76 518	71 899	92 801	1 851
Heimetenester og rehabilitering	90 820	89 836	86 759	65 869	-984
Miljøtenester	125 384	116 185	110 720	110 236	-9 200
Psykisk helse og rusarbeid	25 667	27 755	25 582	24 409	2 088
Aktivitets- og servicetenester	6 522	6 811	6 585	7 140	289
Samhandling og vaksinekontor	7 860	9 255	3 620	3 336	1 395
Sum Omsorg	341 526	337 481	315 959	314 259	-4 046

Kommunalområdet Omsorg hadde eit meirforbruk på om lag 4 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak fleire nye tiltak for innbyggjarar med behov for omfattande tenester, periodevis høgt sjukefråvær, auke i tal på utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta samt auka behov for institusjonsplassar i perioden. Dette er tatt omsyn til i budsjett for 2022.

I 2021 fekk Time kommune to nye omfattande einetiltak, som gav nettokostnad på om lag 4,5 millionar kroner.

Innsparinga på institusjonstenester må sjåast i samheng med meirforbruk på heimetenester. Fleire sjukeheimspasientar gir høgare eigenbetaling som er ført under institusjonstenestene og opning av ekstra sjukeheimssenger på rehabiliteringsavdelinga er ført under heimetenester og rehabilitering.

4.3.2 Rapportering om tiltak 2021

Tiltak	Merknadar	
Revidera "Strategiplan Omsorg"	D	Kjem til politisk behandling hausten 2022
Ferdigstill handlingsplan i tråd med Eldrereforma, «Leve hele livet»	U	
Følg opp tiltaka i Bustadplan 2020-2040	D	Pågåande arbeid
Følga opp heiltidserklæringa	D	Pågåande arbeid
Greia ut behov for samarbeidsutval i omsorgstenestene	D	Pågåande arbeid
Auka dag – og aktivitetstilbodet for personar med demenssjukdom	U	

Følga opp intensjonsavtalen om ernæringsarbeid for eldre heimebuande	U	
Følga opp avtalen om ein demensvennleg kommune	U	
Gjennomføra brukarundersøkingar	D	Delvis gjennomført
Følga opp prosjekta om aktivitetstilbod for eldre	U	
Redusera kostnader som følgje av samdriftsfordelar 2021, 1,5 millionar kroner	U	
U = Utført D = Delvis utført I = Ikkje utført		

4.3.3 Handtering av pandemien

2021 har vore eit krevjande år på grunn av pandemien. Fleire avdelingar har i periodar hatt høgt fråvær grunna nasjonale tiltak. Dette har ført til at fleire nye prosjekt og utviklingsarbeid er utsett.

Stadige endringar i tiltak og reglar knytt til smitte og karantene, samt fleire smittetoppar, har gitt meiroppgåver for leiarar og tilsette. I tillegg til arbeid for å sikra godt smittevern og oppfølging av test- regime, har det vore fokus på god informasjon til brukarar, pårørande og tilsette. Det har i periodar vore særleg mykje innleie. Besøksrestriksjonar og smitteverntiltak har hindra samarbeid på tvers av avdelingane. Tilsette, leiarar, tillitsvalte og frivillige har lagt ned stor innsats i ei krevjande tid, og arbeida for å gi alle eit så godt tilbod som mogleg. Omsorg har hatt ansvar for drift og gjennomføring av massevaksinering, ansvar for beredskapslager og organisering, pakking og utkøyring av hurtigtestar.

Det vart i 2021 sett 33 105 dosar med covid-19 vaksine i Time kommune. Dette vart gjennomført på ein sær sars god måte av dyktige tilsette og engasjerte frivillige. Om lag 90 frivillige vart takka for innsatsen med ein festmiddag.

Psykisk helse og rus har hatt tilrettelagte tiltak, aktivitetar i kohortar og andre ulike uteaktivitetar.

Det er innvilga tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren for sårbare eldre. Formålet er aktivitetstiltak for å motverke einsemd. Tilskotsmidlane er nytta til å etablere ulike lågterskeltilbod som “Treffpunktet”, “Møteplassen”, “Inn på tunet” og aktivitetskoordinatorer.

Sjukefråværet i 2021 var 9,8 % mot 9 % i 2020. Sjukefråværet var høgast i fjerde kvartal.

Sjukefråvær i prosent	2019	2020	2021
Institusjonstenester	9,6	8,4	11,0
Heimetenester og rehabilitering	7,6	8,7	9,0
Miljøtenester	11,0	9,6	8,9
Psykisk helse og rusarbeid	10,9	11,5	12,3

4.3.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg

Pandemien har prega driftsåret 2021 i Omsorg. Det har tillegg vore auka behov for kortidsplassar grunna fleire utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta. Dette har ført til press på institusjonsplassane, og det vart derfor gjenopna tre senger på korttidsavdelinga våren 2021.

Det er utarbeidd handlingsplan i Omsorg for å ta i bruk velferdsteknologiske løysningar. Dette for å støtta opp under eigenmestring og målet om at innbyggerane skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.

Det vert arbeidd med heiltidskultur og revidering av heiltiderklæring. Målet er at flest mogleg skal ha store stillingar. Årsturnus er eit av verkemidla for å oppnå større stillingar. Institusjons- tenesta har starta arbeidet med årsturnus.

Gjennomsnittleg stillingsprosent per 31.12.2021 var 65,5 %, mot 64,3 % i 2020.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gjennomsnittleg stillingsprosent	60,9	61,1	64,3	64,2	64,3	65,5

Arbeidet med revidering av strategiplan Omsorg har starta opp att, og vil verta sendt til politisk behandling innan 2022.

Omsorg har delteke i eit regionalt prosjekt med mål om at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av det kommunale tenestetilbodet. Gjennom dette arbeidet vil kommunen leggja til rette for at innbyggerane skal kunna bu lengst mogleg i eigen heim. Omprioriteringar av oppgåver grunna pandemi, og skifte av nøkkelpersonell gjer at ein ikkje har nådd forventa mål.

Time kommune har inngått avtale om demensvenleg kommune, og mykje av arbeidet har vorte utsett grunna pandemien. Det er utarbeida handlingsplan for [St.mld.15 Leve hele livet](#). Tiltak i handlingsplanen pågår og vert fortløpande følgt opp.

Statsforvaltaren gjennomførte tilsynsstyrt eigenvurdering på området tvungen somatisk helsehjelp våren 2021. Tilsynet resulterte i handlingsplan for oppfølging av tiltak. Statsforvalteren har bede om tilbakemelding frå kommuneleiinga i 2022 om tiltaka som er sett i gang har virka som planlagd.

Det vert arbeidd vidare med tiltak i bustadplanen for å sikra tenester til rett tid på rett nivå. Etablering av nytt bufellesskap i Vestbygget har starta, og er planlagt ferdig juni 2022. Utviding av Kolheia er utsett grunna krav til regulering.

Det er vedteke å leggja til rette for 10–12 bustadar på Svertingstad til ungdommar med store hjelpebehov. Kommunen har i 2021 starta planleggingsarbeidet saman med Husbanken og Statsforvaltaren, med mål om å bygga foreldreinitiativ i samarbeid med kommunen, både på Svertingstad og Kvernaland. Begge i kombinasjon med eit kommunalt butilbod. Dette vil kommunedirektøren foreslå i økonomiplanen for 2023-2026.

For familiar med særleg tyngande omsorgsarbeid er det eit aukande behov for fleire avlastingsdøgn, omsorgsstønad, støttekontakt og barnebustad.

Det er auke i talet på innbyggerar som har behov for heildøgntenester i eit livsløpsperspektiv. Dette skuldast blant anna utviklinga i helse- og behandlingstilbodet. Vidare er det fleire behov for bustader for barn med store hjelpebehov og auka behov for avlasting.

Innsparingstiltak er følgt opp med ein administrativ stilling i institusjon og fleire mindre stillingar i dei andre verksemdene. Totalt innsparing 1,5 millionar kroner.

Omsorg har inngått ein intensjonsavtale med Statsforvaltaren saman med Klepp, Gjesdal og Bjerkreim om “Mat til heimebuande”. Hovudmålet er å styrka kunnskapen om ernæring blant dei eldre heimebuande, slik at fleire eldre oppnår betre ernæringsstatus, helse og velvære.

Strategisk handlingsplan for eldreomsorga i Time kommune 2021-2023, [Leve hele livet – ei kvalitetsreform for eldre](#) vart vedteken i kommunestyret november 2021.

Seminaret for pensjonistar i 2021 vart avlyst grunna den pågåande pandemien. Seminaret har fokus på å informera innbyggjarane om kva dei sjølv kan gjera for å laga seg ein god alderdom.

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Det har totalt vore 20 lærlingar i Omsorg, 10 gjekk opp til fagprøve i 2021. Det har vore 57 sjuke- og vernepleiarstudentar fordelt på ulike praksisperiodar, 3 personar har gått opp til fagprøve som praksiskandidat, og 2 menn har hatt praksis i ordninga «Menn i helse».

I tillegg har Omsorg hatt 45 Vg1- og Vg2- elevar frå Bryne og Tryggheim vidaregåande skular i praksis på ulike avdelingar. Det er nedgang frå 2020 gunna færre elevar på Helse og Sosial utdanninga, og pandemirestriksjonar. Tre personar har i samarbeid med Nav hatt arbeids- og språkpraksis. Tre tilsette gjennomførte ordninga Fagbrev på jobb som var et nytt tilbod i 2021. Etter førespurnad frå Time kommune starta Bryne Vidaregåande skule opp tilbod om kveldsskule i yrkesteori for å kunne ta fagbrev som praksiskandidat. 10 tilsette har gjennomført kurset og kan ta fagbrev i løpet av 2022.

Sju tilsette har teke vidare- og etterutdanningar i tråd med kompetanseplanen og med tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren. 30 sjuke- og vernepleiarar som går i rekrutteringsstillingar får kompetansemidlar frå Statsforvaltaren.

Det er blitt utført fleire interne kurs for å heva fagkompetansen hos dei tilsette. Det er gjennomført fagdagar for ernæringsansvarlege, medisinkurs, opplæring i Lov om pasient og brukerrettighetslova kap. 4a, dokumentasjon, fokus på PAS (positiv åtferdsstøtte) og saman med Klepp er det utført kurs i “Bra mat”.

Administrasjon og tenestekontor

Tenesta består av kommunalsjef Omsorg, to rådgjevarar, lærlingar, kommunepsykolog og Teneste- og samordningskontoret. Kreftkoordinator vart organisert under tenestekontoret frå 2021.

Kommunalsjefen si internkontrollgruppe har utført etterkontrollar i to verksemdar innan legemiddelhandtering og dokumentasjon. I haust har det vore tre internkontrollar i ressursstyring og turnusarbeid.


Dei siste åra har det vore auke i søknadar om helse og omsorgstenester. Det er ei auke i behov for tenester på dei fleste områder. Omsorg har sendt tre klager vidare til Statsforvaltaren som gav kommunen medhald i vurderinga.

	Totalt 2019	Totalt 2020	Totalt 2021
Privat avlastning	19	19	24
Fritidskontaktar	85	100	111
Omsorgstønad	26	27	30
Behandla søknader		577	874

Kommunepsykologen arbeidar 50 prosent av stillinga på individnivå og 50 prosent på systemnivå. I 2021 var fokuset blant anna på utvikling av konsultasjonsteamet, tettare samarbeid med fastlegane, kompetanseheving og rettleiing i organisasjonen og oppfølging av forvaltningsrevisjonen psykisk helse for barn og unge.

Institusjonstenester, heimetenester og rehabilitering

Tenesta består av to sjukeheimar. Begge sjukeheimane har dagsenter for personar med demenssjukdom. Heimesjukepleie, praktisk bistand, omsorgsbustadar med heil- eller delvis døgnbemanning, korttids-og rehabiliteringsavdeling, dagsenter for eldre, fagarbeidar velferdsteknologi, tryggleiksalarmar og kvardagsrehabilitering/helsefremjande heimebesøk.



Bortsett frå Sandnes som har høge driftskostnader til pleie- og omsorg per innbyggjar over 80 år så er det liten variasjon mellom dei andre kommunane. Sandnes har også ein høgare del av dei over 80 år som bur på institusjon.


Før oppstart av vertskommuneavtalen med Klepp vedrørande heimelevering av middag frå 1. juni 2021, gjennomførte Klepp ei god opplæring av våre tilsette. Det vart oppretta 1 årsverk som vart fordelt på to kjøkkenvertar på kvar av institusjonane. Dette for å styrka oppfølginga av internkontrollrutinane og klinisk ernæringsfysiolog (KEF). Det har vore fleire samarbeidsmøte med Klepp. Under evalueringa hos dei tilsette og bebuarane kom det fram at dei fleste avdelingane var nøgde med endra tidspunkt for middagsservering og at maten smaker godt.

Det er opna fem nye dagsenterplassar for innbyggjarar med demenssjukdom, og Vibå dagsenter har utvida opningstida.


Det er auka i pleietyngda som har gitt behov for fleire hjelpemidlar. Det har i 2021 vore investert i nye takheisar.

I 2021 vart korttids- og rehabiliteringsavdelinga ein del av heimetenesta. Ein har dette året erfart at det er kvalitative- og kostnadseffektive gevinstar med ei slik organisering. Tilsette i heimesjukepleia bidreg inn på korttids- og rehabiliteringsavdelinga i særleg krevjande periodar. På denne måten reduserer ein bruk av vikarinnleie, samstundes som tenesta vert meir saumlaus for brukarane.


Det har vore utfordringar knytt til kapasitet på institusjonsplassar. Fleire liggedøgn for utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta medførte gjenopning av midlertidig nedlagde plassar på korttidsavdelinga, og større press på heimetenesta.



Time sine kostnader til institusjonsplass er redusert med 5 700 kroner per plass. Time sine kostnader er nå på nivå med Klepp, Kostragruppe 7 og landsgjennomsnittet. Time sin kostnad for 2020 var betydeleg over dei andre.



Det har i 2021 vore ei auke i talet på brukarar i heimetenesta, i tillegg ei jamn auke i vedtakstimar. Dette er eit resultat av arbeidet med å leggja til rette for at innbyggjarar kan bu lengst mogleg heima. Fleire har ønske om å døy heime. Dette er eit viktig, men ressurskrevjande tilbod.



Sandnes har låge kostnader per mottakar av heimetenester og dette har nok samanheng med mange på institusjon. Miljøtenesta blir i KOSTRA ført som heimetenester noko som gjer samanlikninga mellom kommunar vanskeleg då eit einetiltak her kan koste opp mot 8 millionar kroner i brutto kostnad.

Formålet med kvardagsrehabilitering er opptrening av heimebuande, i tillegg til å drive opplæring i avdelingane. I løpet av 2021 er det registrert om lag 40 brukarar som kunne ha vore aktuelle til kvardagsrehabilitering, men som avslår tilbodet då dei føler seg for gode for tenesta. Fleire av brukarane vert melde inn på eit seinare tidspunkt og då med eit større behov. For å sikra effektiv og robust teneste, vil verksemda i 2022 evaluera organiseringa av kvardagsrehabilitering

Det er eit aukande behov for velferdsteknologiske løysingar og større etterspørsel hjå innbyggjarane. For å sikra ei framtidsretta og effektiv drift, vert organiseringa av ny teknologi sentral i vidare drift.

Det vart søkt om midlar til å oppretta stilling som ernæringsfysiolog med mål om å auka kompetanse og førebygga underernæring. Kommunen fekk avslag på søknaden, men arbeidet vert vidareført.

Heimesjukepleia deltek i eit fagutviklingsprosjekt innan palliasjon og lindrande behandling. Prosjektet er i regi av Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT), og blir organisert som fleire tverrfaglege mentorgrupper i avdelingane.

Avdelingsleiarane har hatt fokus på helsefremjande turnus, med mål om å ha eit godt arbeidsmiljø med lite sjukefråvær og høg trivsel.

Det blei hausten 2021 gjort ei brukarundersøking i heimetenesta, og dette vert presentert i ei eiga politisk sak. Resultata viser at brukarane er nøgde med tenestene dei mottek.

Miljøtenester

Tenesta er for personar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne og unge med tilknytings- og åtferdsvanskar. Tenesta inneheld heildøgnomsorg, nødvendig helsehjelp, praktisk bistand og opplæring i daglege gjeremål, aktivitetssenter, tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT), brukarstyrt personleg assistanse (BPA), avlastings- og barnebustad og oppfølging av eksterne heildøgnplassar utanfor kommunen.

Miljøtenesta hadde eit meirforbruk på 9 millionar kroner for 2021. 6 millionar kroner skyldast to nye einetiltak. I tillegg har det i periodar vore høgt sjukefråvær og auke i tal på brukarstyrt personleg assistanse (BPA) ordningar, og avlastning.

Det har vore auke i behovet for BPA for personar med nedsett funksjonsevne. Omsorg vil i 2022 utgreia nye måtar og organisera ordningane på, og vil samstundes vurdere moglegheita for større stillingar.

Det har vore fokus på ressursstyring, heiltid og helsefremjande turnus. Avdelingane bidreg på tvers ved sjukdom, ferie og liknande.

Omsorgsbustadane i Kringlemyr med fem bustadar og personalbase er pussa opp. Det har vore mindre ombyggingar i Foren burettslag , og arbeidet med renovering av tre leilegheiter i Vardheia har starta.

I Miljøtenesta har det vore fokus på implementeringa av PAS (positiv åtferdsstøtte) som vårt verdi og rammeverk for tenesteytinga. Per 31.12.21 har ca. 120 av 170 tilsette fullført første kurs.

I 2021 vart det gjennomført ei pårørandesamling som et ledd i å styrka vårt samarbeid med pårørande.

Psykisk helse og rusarbeid

Tenesteeininga består av Meistringssenteret med lågterskeltilbodet ved Svendsenhuset, døgnbemanna bufellesskap og oppfølging av eksterne heildøgnplassar utanfor kommunen.

Psykisk helse og rusarbeid hadde eit mindreforbruk på 2 millionar kroner. Det skuldast hovudsakeleg periodar med lågare aktivitet grunna pandemien.

Under pandemien har det vore ein tendens til lågare etterspørsel etter tenester og det var vesentleg færre søknader i første kvartal. I slutten av året har det vore ei kraftig auke i psykiske helsetenester. Dette gjeld særleg innbyggjarar med mindre alvorlege psykiske vanskar. Sjukefråværet har vore høgt i periodar og det har vore utfordrande å få tak i vikarar.

Svendsenhuset har i lengre periodar hatt lågare aktivitet grunna pandemien, men aktiviteten vart auka når smittevernstiltaka tillèt det. Arbeidet vart styrka i slutten av perioden med midlar frå Statsforvalteren. Tilbod har vorte gitt i form av gruppetilbod.

Verksemda har i saman med NAV Klepp-Time eit prosjekt, Individuell jobbstøtte (IPS). Det er eit tilbod til personar med moderate til alvorlege psykiske helseproblem, som ønsker hjelp til å koma i arbeid eller behalda ordinært løna arbeid. Ein eigen jobbspesialist som er tilsett i NAV har fast arbeidsstad i Meistringssenteret fem dagar i veka

Grunna pandemien har brukarundersøking innan Psykisk helse og rusarbeid vorte utsett til 2022.

Aktivitets- og servicetenester

Her inngår tenestene sjåførar, Frivilligsenter kafé og aktivitet, vaskeri og sysselsettingstiltak.

Dei siste åra har det vore eit meirforbruk i vaskeritenesta. Aktiviteten har auka og arbeidsmengda vorte større, det har ført til behov for fleire tilsette. Vaskeriet fekk tilført eit

halvt årsverk i budsjettet for 2021-2024. Vaskeriet har også plassutfordringar. Ombygging har vorte utsett og startar opp i 2022.

Frivilligkoordinator vart organisert under Time frivilligsentral kafé og aktivitet i frå 1.1.2021. Frivilligheita har bidratt aktivt inn i arbeidet med vaksining, og vore vert for bubilparkeringa sommaren 2021. Vidare er frivillige med å bidrar inn i Time frivilligsentral i forhold til ulike arrangement. Det har vore arrangert bussturar og konsertar. Kaféen har vore open heile året. Frivilligsenter kafé og aktivitet har i periodar hatt redusert aktivitet.

I 3. tertial hadde ikkje Time kommune venteliste for varig tilrettelagt arbeid (VTA) ved Jæren Industri Partner. Det var to ledige VTA-plassar ved utgangen av 2021. Det er eit godt samarbeid med Jæren Industri Partner og NAV i det rådgjevande utvalet som kommunen deltek i fire gonger i året.

Samhandling

Time kommune har i siste tertial av 2021 nytta 68 % av tildelte liggedøgn ved Jæren øyeblikkelig hjelp (JØH) mot 67 % i same periode i fjor.

Time kommune har sagt opp avtalen om middagslevering frå Jæren distriktpsikiatriske senter (JDPS). Klepp kommune og Time kommune har frå 1. juni 2021 signert ein gjensidig vertskommuneavtale om matproduksjon og ernæring. Klepp kommune har ansvar for levering av middagsmåltida til omsorgsbustadar og institusjonar i Time kommune. Time kommune er ansvarleg for ernæringsarbeidet i begge kommunane.

Budsjett for vaksining ligg under samhandling. Vaksining har eit mindreforbruk som særleg skuldast bruk av egne lokalar, Vardheia skule og Timehallen, samt bruk av leiarar og tilsette i Omsorg. I desember vart det inngått leigeavtale i NAV sitt tidlegare bygg og laga avtale med tilsette som driftar vaksininga for ikkje å belasta ordinær drift.

Time kommune har gitt driftstilskot til Stiftelsen Huset - Funkishuset, som kommunen har ein samarbeidsavtale med i lag med Sandnes, Gjesdal, Sola og Klepp kommune. I tillegg har Veiledningssenteret for Pårørande fått støtte til drifta frå Time kommune.

Det har vore eit tett samarbeid med dei nærliggande kommunane i smittevernarbeidet mot korona, og ikkje minst samarbeidet om luftvegslegevakta og teststasjonen.

I samarbeid med Klepp, Hå og Gjesdal kommune har ein gjennomført brukar- og pårørandeskule hausten 2021 for heimebuande personar med demens og deira pårørande. Det var planlagt brukar- og pårørandeskule våren 2021, men han vart avlyst grunna pandemien.

Kommunalsjefen deltek i faste samarbeidsmøte med SUS og dei nærliggande kommunane.

4.3.5 Utfordringar framover

- Handtering av pandemien og følgjer for innbyggjarane i Time kommune
- Redusert dekningsgrad på institusjon førar til auka behov for tenester i omsorgsbustadar og i egne heimar
- Auka behov for omsorgsbustadar med heildøgnbemanning for barn
- Dekka det aukande behovet for helse- og omsorgstenester

- Dekka behovet for avlastning for pårørende med sjuke barn/ektefelle og andre pårørende
- Sikra eit individuelt tilpassa tilbod for yngre personar med demens
- Auka gjennomsnittleg stillingsprosent
- Redusera kostnader på omsorgstenester per innbyggjar
- Følgja opp bustadplan

4.4 Samfunn

Tenesteområdet omfattar Administrasjon, Eigedom, Kultur, Helse- og rehabilitering, Samfunns- og landbruksforvaltning, Plan og utbygging og Flykningetenesta Time og Klepp (fram til juni 2021). I tillegg følgjer Samfunn opp samarbeidsavtalen med NAV Klepp-Time.

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

4.4.1 Økonomi

Samfunn	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R) 2021
	Rekneskap 2021	m/endingar 2021	u/endingar 2021	Rekneskap 2020	
Administrasjon	4 013	3 727	3 642	3 550	-286
Plan og utbygging	2 286	2 690	2 577	2 790	404
Samfunns- og landbruksforvaltning	5 371	5 813	5 493	5 877	442
Brannvern	14 016	13 990	13 990	12 191	-26
Helse og rehabilitering	44 264	40 693	36 862	38 344	-3 571
Flyktingtenesta	7 799	9 389	8 926	8 720	1 590
Sosialtenester	26 996	27 536	27 506	27 214	540
Kultur	27 590	28 444	22 687	26 258	854
Eigedom	47 835	47 260	45 894	46 210	-575
Vegar og grøntanlegg	23 654	20 567	20 561	19 797	-3 087
Næring	1 494	1 853	1 643	2 662	359
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0
Sum Samfunn	205 318	201 962	189 781	193 613	-3 356

Tenesteområdet har eit meirforbruk på 3,4 millionar kroner. Det er særleg rekrutteringsproblem i legetenesta under Helse og rehabilitering, og auka straumkostnader og vintervedlikehald under Eigedom, som har hatt meirforbruk. Årsakane er nærare omtalt under kapittel 4.4.4.

Sjølkosttenestene vatn, avløp og renovasjon hadde meirinntekter på 6,7 millionar kroner, og dette er avsett til sjølvkostfond.

4.4.2 Rapportering om tiltak 2021

Tiltak	Merknadar	
Beredskap og folkehelse		
Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidlar folkehelse (Folkehelse)	U	
Starta arbeidet med revisjon av Folkehelseprofil for kommunen (Folkehelse)	I	Oppstart utsett til 2022
Følgja opp funn i «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan- og tiltaksarbeid (Folkehelse)	D	Det vert laga eit fagnotat som del av utgreiingane til arbeid med samfunnsdelen

Tiltak	Merknader	
Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleinga	I	Ikkje prioritert i 2021. Det var tilsvarande øving i 2020. Krav i forskrift er minst annakvart år.
Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemdar som ikkje har fått opplæring	I	Ikkje prioritert på grunn av pandemien
Revidera Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	D	Godkjent i kommunestyret 15.02.22
Næring		
Revidera næringsstrategien	I	Utsett til 2022
Etablere samarbeidsforum for regionalt næringsutviklingsarbeid	I	?
Plan og utbygging		
Få godkjent revidert arealdel til kommuneplanen 2018-2030 fase 2 for området Kvernaland/Kalberg	U	
Få godkjent planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen (Folkehelse)	U	
Utarbeida gatebruksplan for Bryne (Folkehelse)	I	Utsett til 2023 saman med rullering av sentrumsplanen
Revidera Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026	I	Utsett til 2023
Realisera bygge – og anleggsprosjekt som er eller vert sette i gang i 2021 i tråd med investeringsdelen i økonomiplanen	U	
Innføra eigedomsmodulen for å betra internkontrollsystemet for arealplanlegging	D	Framleis utfordringar
Overta ansvaret for VA-prosjekt og overordna VA-planlegging	U	
Samfunns – og landbruksforvaltning		
Utarbeida «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp	D	Under arbeid. Det er nå eit anbod ute for «Forprosjekt for Roslandsånå». Fullstendig framdriftsplan ligg på nettsida: https://www.time.kommune.no/tenester/klima-natur-og-miljo/vassmiljo/tiltaksplan-for-orrevassdraget/
Følgja opp godkjent «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå	D	Pågår. Ein søknad sendt i lag med Hå kommune om tiltak i Tverråna ligg inne til vurdering hos Miljødirektoratet.
Saksbehandlingstida for byggesak og geodata skal ligga godt innanfor føringane i nasjonale lover og forskrifter	U	
Gjennomføra brukarundersøking for byggesaksbehandlinga	I	Utsett til 2022 på grunn av pandemien.
Gjennomføra brukarundersøking for landbruksforvaltninga	I	Utsett til 2022 på grunn av pandemien.
Fortsetta arbeidet med revisjon av Kommunedelplan for energi og klima	D	Godkjenning i løpet av 2022. Del som omhandlar naturmangfald blir utarbeida etterpå og skal til politisk behandling hausten 2022. Har fått inn 150 000 kroner frå Miljødirektoratet til dette arbeidet.
Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen (Folkehelse)	U	
Effektivisering i bruken av parkeringsautomatar	D	Talet på parkeringsautomatar er redusert frå 32 til 24. 11 av dei er oppdatert med 4G teknologi, og det står att å oppdatere dei 13 siste i 2022/23.

Tiltak	Merknadar	
Oppfølging og opprydding i etablerte reinseparker	D	Pågår. To pågående prosjekter for opprydding av rensseparker. Prioritert oppgave hos frivillige tiltak for Time kommune. Vil fortsette i 2022 og 2023.
Brannvern		
Føreta ein gjennomgang av tilskotsmodellen og sjå på moglegheiter for effektivisering	D	Tiltaksmodellen er ikkje gjennomgått, men det er innført ein del effektiviseringstiltak som skal halda fram.
Endre selskapsavtalen slik at dagens folketal i dei ulike kommunane blir gjort gjeldande for kostnadsfordeling for 2021	U	
Helse-, sosial- og flyktingtenester		
Gjennomføra brukarundersøking for kommunal og privat fysioterapiteneste	I	Er ikkje utført grunna pandemien.
Gjennomføra brukarundersøking for ergoterapiteneste	I	Er ikkje utført grunna pandemien.
Etablere kommunal drift av Kvernaland legesenter	U	
Få på plass allmennlege i spesialisering (ALIS stilling) i legesenter på Bryne	U	
Få på plass vertskommunesamarbeid om legevaktordning	U	Vertskommuneavtalen vart godkjent i kommunestyret 15.02.22
Vurdera vidare samarbeid mellom Frisklivssentralen og NAV Klepp-Time om prosjektet «Friskliv Ung Jæren» (Folkehelse)	U	
Delta i interkommunalt rehabiliteringstilbod til brukarar mellom 18-67 år med komplekse problemstillingar og omfattande funksjonsfall (IKART)	U	
Slå saman flyktingtenestene i Klepp og Time til ei felles flyktingteneste	U	
Gjennomføra brukarundersøking for flyktingar i introduksjonsprogrammet	U	
Vurdera etablering av ei fadderordning for personar med flyktingbakgrunn som er i praksis i kommunale einingar	D	Prosjektet krev fleire flyktingar i kommunal praksis i introduksjonsprogrammet
Etablere eige brukarutval for NAV Klepp-Time	U	
Utvikla nye tverrfaglege arbeidsmetodar for å støtta unge vaksne med samansette vanskar inn i arbeid eller utdanning (Folkehelse)	U	
Auka overgangen til arbeid for deltakarane i kvalifiseringsordninga gjennom styrka fokus på arbeid og kompetanseheving av dei tilsette i «Support Employment» som arbeidsmetode (Folkehelse)	U	
Kultur		
Tilpassa drifta av kulturtilboda til pandemisituasjonen og dei til ei kvar tid gjeldande smittevernreglar	U	
Legga fram utkast til ein strategi for frivillig arbeid (Folkehelse)	U	
Revidere kulturminneplanen (2020-2022)	D	

Tiltak	Merknadar	
Starta forprosjektet «Haugtussa-veka»	I	Mangel på kapasitet
Eigedom, vegar og grøntanlegg		
Halda fram med utskifting av eldre veglys til LED-lys, ENØK-tiltak	D	Det er 2083 konvensjonelle lysmaster igjen å bytte ut på kommunale vegar.
Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg	D	Dette arbeidet er starta på og skal avsluttast i 2022.
Ta i bruk miljøvennleg teknologi for vedlikehald av grøntområde	U	
Halda fram med tiltak og planar for oppgradering av kommunale leikeplassar (Folkehelse)	D	Sjå ULK-sak 007/22.
Vurdera kvalitet og frekvens innan reinhald som ledd i kostnadsreduksjon framover	D	Utført kostnadsreduksjon med 3 årsverk i 2021.
Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg	D	Dette arbeidet pågår kontinuerlig blant anna ved å bytte ut gamle brannvarslingsanlegg og ledelysanlegg. Dette gir brukarane meir brukarvennlege og oversiktlege anlegg.
Vurdera leigesatsane for utleigebustadar i forhold til marknadsleiga for leigebustadar på Jæren	D	Dette tas opp til vurdering kvart 3. år og vurderast opp mot det private marknaden. Jamfør husleigelova. Neste gong er i 2022.
Vatn, avløp og renovasjon		
Få alle resterande abonnentar over på vassmålar	D	Pågår kontinuerleg – om lag 130 står att.
Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnett	D	Pågår kontinuerleg
Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnett	D	Pågår kontinuerleg
Syta for førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne	D	Pågår kontinuerleg
Auka kvaliteten på innhald i brun dunk for våtorganisk avfall ved å gjennomføra eit prøveprosjekt med eigen hageavfallsdunk	I	Det er ikkje gjennomført prøveprosjekt med eigen hageavfallsdunk i Time. IVAR IKS har satt ned ei arbeidsgruppe som skal avklara handtering av hageavfall når dette ikkje lengre kan leverast til anlegget på Grødaland. Gruppa består av representantar frå kommunane og IVAR. Time er representert i gruppa. Det er planlagt at forslag til løysing skal vera utarbeidd i 2022.
Auka henteordningsfrekvensen for grovavfall til kvar veke og farleg avfall til 6. kvar veke	U	Henteordningsfrekvensane er endra. Det vert sett på statistikk for å sjå om tilbodet er tilfredsstillande, eller om det er behov for ytterlegare justeringar.
U = Utført D = Delvis utført I = Ikkje utført		

Det er mange tiltak som er delvis utførte, jamfør gul fargekode. Grunnen til dette er at mange av tiltaka er omfattande og treng fleire år for å verta gjennomførte.

4.4.3 Handtering av pandemien

Innan Samfunn er det særleg kulturtenestene som har hatt store utfordringar. Dei fleste kulturtenestene har i periodar kjørt med redusert kapasitet på grunn av smittevern-restriksjonar. Redusert aktivitet i kulturbygga har ført til mindre behov for reinhald og reduserte kostnader på området.

Felles luftvegslegevakt mellom fem kommunar, som vart oppretta i 2020, vart lagt ned 1. desember. Kommuneoverlegefunksjon er styrka også i 2021. Dette har vore nødvendige tiltak som har generert auka kostnader.

Andre tenester har i hovudsak oppretthalde produksjonen, men då i stor grad ved hjelp av heimekontor.

Tenesteområdet hadde eit samla sjukefråvær på 6,7% i 2021, mot 6,7 % i 2020.

4.4.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

Kommuneplanens arealdel (fase 1 og 2) vart vedtatt i KS-sak 032/21. Hausten 2021 starta planarbeidet med å legge til rette for kraftkrevjande industri på Kalberg/Kvernaland. Målsettinga er at områdereguleringsplanen skal verte eigengodkjent sommaren 2023.

Forprosjektet til ny dobbel idrettshall i Trallfavegen vart vedtatt i KS-sak 049/21. Oppstart av byggingsarbeidet i januar 2022. Utval for lokal utvikling vedtok i sak 008/22 at namnet på idrettshallen skal vere «Bryne storhall».

Det er framleis utfordringar i rekruttering til fastlegeordninga. I 2021 har det vorte arbeid med plan for legetenesta i Time. Denne vil verte lagt fram for politisk behandling våren 2022. Kvernaland legesenter vart omgjort frå privat næring til kommunalt drifta legesenter, jamfør KS-sak 066/20, frå årsskiftet.

Arbeidet med felles legevaktordning for Klepp og Time starta opp i 2017, jamfør KS-sak 014/17. I KS-sak 033/21 vart det vedtatt at Time skulle inngå samarbeid med Hå og Klepp kommunar om legevaktsamarbeid heile døgnet. Vertskommuneavtalen vart godkjent av kommunestyret i sak 006/22.

Flyktingtenesta for Time og Klepp vart samanslått 01.01.21, jamfør KS-sak 072/18. Vertskommuneavtalen om felles flyktingteneste vart godkjent i KS-sak 104/20. Frå 01.06.21 vart flyktingtenesta organisatorisk flytta frå Samfunn til Oppvekst.

Samarbeidsavtalen mellom IVAR IKS og kommunen om utføring av vass- og avløpstenestene opphørde frå 2021, jamfør KS-sak 088/19. Tenestene vert frå 01.01.21 ivaretekne i nært samarbeid mellom Plan og utbygging, Samfunns- og landbruksforvaltning og Eigedom. IVAR IKS utfører fortsatt renovasjonstenesta etter ny samarbeidsavtale frå 2021, jf. KS-sak 044/20.

Sjukefråvær	2020	2021	Merknad
Administrasjon	0,8%	4,2%	Auken skuldast i hovudsak langtidsfråvær.
Plan og utbygging	15,3%	20,5%	19,4% langtidsfråvær.
Samfunns- og landbruksforvaltning	3,4%	13,3%	Auken skuldast i hovudsak langtidsfråvær.
Helse og rehabilitering	6,4%	6,7%	
Kultur	3,9%	5,4%	Auken skuldast i hovudsak langtidsfråvær.
Eigedom	8,3%	5,6%	
Vegar og grøntanlegg	7,6%	6,3%	
NAV	4,3%	5,3%	Auken skuldast i hovudsak langtidsfråvær.
Flyktingtenesta	0,7%	1,0%	

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Det er utfordrande å samla alle tenestene i samfunn om ein felles kompetanse- og opplæringsplan grunna store ulikheiter i driftsområde og fag. Kvar tenesteeining har oversikt over eigne kompetansebehov og opplæring. Kommunen sine internkurs og opplæring i felles system vert nytta når det er hensiktsmessig.

Digitalisering

Tenesteeiningane i Samfunn har ulike behov for digitalisering og nyttar ulike fagsystem. Det er gjort mykje for å gjera tenester og tilbod tilgjengelege for innbyggjarar. Biblioteket vart i 2021 meirope, det vil seie at brukarane kan nytta biblioteket også utanom tidene personalet er til stades. Digitalisering har spela ei sentral rolle i handteringa av pandemien. Utstrakt bruk av teamsmøter og digital bestillingsløysing for koronavaksine er eksempel på dette. Eigedom har teke i bruk driftsprogrammet «Sweco Park» for bruk til vedlikehaldsplanlegging på veg og grønt og for melding av feil og manglar frå innbyggjarane via kommunen si nettside.

Beredskap og folkehelse

I tillegg til pandemien har det vore to andre hendingar der kommunedirektøren har samla kriseleiinga. Desse sakene var knytt til brann ved institusjon og omsorgsbustadar. Desse to uønska hendingane, samt fire andre, vart evaluert saman med heile eller deler av kriseleiinga, med fokus på kva som gjekk bra og kva som kunne vore betre. Av desse fire hendingane, var tre knytt til ubrot av covid-19 i ulike verksemder i omsorg, samt juletreet som knakk på torget rett før jul. Evaluering av uønska hendingar er ein viktig del av beredskapsarbeidet i kommunen, som ledd i kontinuerleg forbetring.

Kommunen har i stor grad fullført arbeidet med revisjon av Heilskapleg ROS-analyse for ein ny fireårsperiode (den vart politisk godkjent i [kommunestyret](#) 15.02.22).

I 2020 vart det gjennomført ei stor folkehelseundersøking i alle kommunar i Rogaland i regi av Folkehelseinstituttet og fylkeskommunen. Hovudfokuset i undersøkinga var å få svar på korleis innbyggjarane har det når det gjeld livskvalitet, trivsel og eigenvurdert helse. Resultat frå undersøkinga på region- og/eller kommunenivå er oppsummert i arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen og inngår i kunnskapsgrunnlaget til planarbeidet.

Eit av tiltaka i handlingsplan for bruk av partnerskapsmidla ([folkehelse](#)) er ikkje gjennomført som planlagt. Det har teke lenger tid enn planlagt å få på plass ein samarbeidsavtale med ein forskingsinstitusjon for prosjektet «Trygge foreldre». Desse midla er overførte til tiltak i 2022, og skal brukast til opprinneleg prosjekt.

Kommunen kjøper brannverntenestene i Rogaland brann og redning IKS.

Næring

Kommunen sitt næringsarbeid handlar om å leggja til rette for lokale bedrifter og ta initiativ for å gjera kommunen meir attraktiv for nye bedrifter og nye arbeidstakarar, gjerne via regionalt samarbeid. Tett og god dialog med mellom anna lokalt næringsliv, næringsforeining og andre kommunar er viktig i dette arbeidet.

Frå 01.06.21 har ikkje Time hatt næringsssjef. Næringsarbeidet vert nå gjort av ei eiga næringsgruppe leia av ordførar og kommunedirektør. Denne gruppa består i tillegg av

varaordførar, kommunalsjef Samfunn, plan- og utbyggingssjef, kultursjef og avdelingsleiar Innbyggarservice og kommunikasjon.

Mange lokale verksemder var prega av pandemien i 2021. Gjennom statleg finansiert kompensasjonsordning for lokale verksemder har kommunen tildelt støtte til verksemder som har vore ramma av nasjonale smitteverntiltak. Om lag 6,1 millionar kroner vart tildelt lokale verksemder gjennom denne ordninga.

Etter eit opphald i 2020 grunna pandemien, vart bykonferansen arrangert igjen i 2021. Denne konferansen vert arrangert av byutviklingsgruppa med medlemmer frå kommunen og lokalt næringsliv.

Kommuneplan 2018-2030 vart vedteken i 2021. Her er det lagt inn nye næringsareal til kraftkrevjande industri. Arbeid med regulering starta opp i 2021 i samarbeid med Kalberg Utvikling AS.

Link Jæren rekrutteringsnettverk er eit samarbeid mellom dei tre jærkommunane og bedrifter. Bryne Næringsforening overtok prosjektleiinga i 2021.

Plan og utbygging

Samla sett har avdelinga eit mindreforbruk på 0,4 millionar kroner. Årsaka er ein kombinasjon av auka inntekter og refundert sjukeløn. Tenesta vart hausten 2021 auka frå fire til fem tilsette. Kapasiteten er noko redusert frå årsskiftet og fram til hausten 2022 grunna langvarige sjukemeldingar og fødselspermisjon. Gebyrinntektene varierer med mengde saker, type tiltak og fastsette gebyrsatsar.

I 2021 vart det lagt fram åtte private og kommunale forslag til detalj- og områdereguleringar til førstegongsbehandling. Ni område- og detaljreguleringsplanar er lagt fram til andregongsbehandling og godkjenning i kommunestyret. Alle private detaljreguleringsplanar er behandla av Utval for lokal utvikling innan 12-vekersfristen.

Det er vidare lagt ned betydelege ressursar i arbeidet med ny arealdel til Kommuneplan for Time 2018-2030. Høyringsutkastet for arealdelen fase to vart lagt ut på høyring i desember 2020 og godkjent i juni 2021. Oppfølging av områdeplan for Kalberg/Kverneland krev framleis stor ressursbruk.

Planlagde utbyggingssjefprosjekt pågår i samsvar med gjeldande økonomiplan, jamfør kapittel 6.

Samfunns- og landbruksforvaltning

Samfunns- og landbruksforvaltning ivaretek lovpålagte oppgåver/mynde og forvaltning knytt til lovar og reglar på områda byggesak, geodata, kart og oppmåling, landbruk, kommunale vegar, parkering, trafikk og grøntanlegg, tekniske planar og klima/miljøvern. Frå 2021 vart tenestene veg, vatn, avløp, overvatn og renovasjon organisert som eiga faggruppe i tenesteeininga.

Tenesta har eit meirforbruk på 0,4 millionar kroner. Det er særleg parkeringstenesta som har hatt meirforbruk. Meirforbruket skyldast avtalefesta utgifter til grunnleige frå Bane NOR, for parkeringsplassen ved Storstova (40 prosent av inntektene). Avtale har ikkje blitt følgt opp, og det er nå etterbetalt til Bane NOR for perioden 2016-2021. Vi har oppdatert fire gamle parkeringsautomatar, som ikkje var budsjettert. Mindre inntekter skuldast i hovudsak

pandemien og mellombels bubilparkering (gratis parkering ved Storstova om sommaren). Samla gebyrinntekter for parkering er om lag 2 millionar kroner.

Byggesak ferdigstilte om lag 260 bygge- og delingssaker i 2021, inklusive fleire utfordrande ulovlegheits-, dispensasjons- og tilsynssaker. Dei fleste sakene gjeld mindre tiltak som gir lågare gebyrinntekter. I tillegg kjem igangsetjingsløyve, ferdigattestar, mellombels bruksløyve og eit stort tal andre førespurnadar.

Geodata gjennomførte 52 oppmålingsforretningar, 4 seksjoneringar og 34 nye adresseringar. Drifta har vore god med forholdsvis høg aktivitet.

Kommunen har vore utan fagleiar landbruk i store delar av 2021. Dette har gitt utfordringar knytt til handsaming av spesielt lovsaker, delings- og konsesjonssaker. Time har hatt eit samarbeid med Hå kommune for å ta unna prioriterte saker. I 2021 er strategien for spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) revidert for ein ny fireårsperiode.

Landbruks- og miljødata ligg ved i eigen tabell, jamfør kapittel 9.3.3.

Time kommune tok frå 01.01.21 tilbake ansvaret for vatn- og avløpstenestene frå IVAR IKS. Basert på eitt års erfaring kan me konkludere med at forvaltningsoppgåvene har blitt utført med god kvalitet. Me ser at det har vore nokre utfordringar knytt til dagens administrative organisering der VA-tenestene er spreidd på tre avdelingar. Dette vil det verte sett på i samband med evalueringa av delprosjektet "Forvaltning Samfunn" våren 2022.

Å rekruttera og behalda kompetanse er avgjerande for å kunna levera gode tenester til rett tid. Tilgangen på kvalifiserte søkarar til ledige stillingar er tilfredsstillande. Tenesteproduksjonen i driftseiningane er sårbar ved lengre fråvær.

Helse og rehabilitering


Tenesta hadde eit meirforbruk på 3,6 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak uventa ekstrautgifter til Norsk pasientskadeerstatning og kostnader til vikarordningar for fastlegar på Kvernaland legesenter og Sandtangen legesenter. I tillegg har fysio- og ergoterapitenester meirforbruk som skuldast bruk av ekstrahjelp og at inntekter frå brukarbetaling til fysioterapi er lågare enn budsjettert.

Sak om framtidig legevaktsamarbeid vart behandla i [KS-sak 033/21](#). Kommunestyret gjorde vedtak om å inngå samarbeid med Hå og Klepp kommunar om legevaktsamarbeid heile døgnet. Samarbeidet trer i kraft 01.06.22 og vert organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1b. Under pandemien har Klepp-Time legevakt fungert som luftvegslegevakt for fleire kommunar, og Hå kommune har samtidig fungert som ordinær legevakt for både Hå og Time. Dette vart avvikla 01.12.21, og Klepp-Time legevakt er no ordinær legevakt igjen.

Rekruttering til ledige fastlegeheimlar er framleis ei utfordring lokalt og nasjonalt.

Kommunen vedtok i [KS-sak 078/21](#), å kjøpe ei fastlegeliste grunna rekrutteringsvikt etter at ein fastlege sa opp. Ved utgangen av 2021 har ein ny fastlege sagt opp avtalen sin med kommunen grunna pensjonsalder. Erfaringar tilseier at nye fastlegar ønsker vikariat eller faste tilsettingar i det offentlege, og det er ei utfordring når ein skal rekruttere for fastlegar i privat

næringsdrift. I 2021 er det påbegynt arbeid med ein handlingsplan for fastlegetenesta i kommunen. Den kjem til politisk behandling første halvår 2022.



Kvernaland legesenter vart eit kommunalt drifta legesenter frå 01.01.2021. Driftsforma skal evaluerast innan utgangen av 2025, jamfør [KS-sak 066/20](#), 15.09.20. Tre legeheimlar og fire deltidstillingar for hjelpepersonell, vart overførte til kommunal drift ved verksemdsovertakinga. Sidan medio august har det vore fast tilsette i alle dei tre legeheimlane.

Den kommunale fysio- og ergoterapitenesta har ei ventetid på inntil tre månadar. Ein opplever stor pågang av personar om ønsker tilrettelegging av bustad og personar som ønsker ei aktiv fritid. I eit folkehelseperspektiv er det positivt at ein aukar aktiviteten blant innbyggjarar med behov for tilpassa hjelpemiddel. Eit universelt utforma miljø bidreg sterkt til den enkelte sin motivasjon for aktivitet.

Den private fysioterapitenesta har kort ventetid, under tre månader. Dei er bevisste på å gjere interne tiltak for å unngå lange ventelister. Låg ventetid er viktig med tanke på kvalitet på tenesta, og særleg i eit førebyggjande perspektiv.

Frisklivsentralen i Time inngår i samarbeidsmodellen Friskliv Jæren som gir eit bredt tilbod til innbyggjarane. Tilboda har vorte tilpassa dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjene knytt til pandemien, og har hatt aktivitet gjennom heile året. Prosjektet Friskliv Ung, med midlar frå Statsforvaltaren i 2021, går over i ordinær drift frå 2022. Frisklivsentralen vert i den samanheng styrka med 75 000 kroner i budsjettet frå 2022. Dette vil bidra til at tilboda og drifta i sentralen vert meir robust. Friskliv Jæren har eit felles prosjekt, Friskliv Senior, i 2021 med midlar frå Statsforvaltaren. Prosjektet er planlagt å fortsetta i 2022, og det vert søkt om midlar våren 2022. Frisklivsentralen i Time leiar prosjektet.


I 2019 starta arbeidet med å sjå på korleis helse- og rehabiliteringstenestene i kommunen bør organiserast til det beste for innbyggjarane. Prosjektrapporten vart slutført i 2020.

Prosjektgruppa konkluderte med at dagens organisering i Samfunn er lite hensiktsmessig og tilrådde at heile eller deler av Helse og rehabilitering vert flytta til Omsorg. Arbeidet held fram i 2021. Kommunedirektøren tek sikte på å legge fram sak om ny organisering i løpet av våren 2022.


NAV Hjelpemiddelsentral har dei seinare åra overført fleire oppgåver til kommunane og har varsla at denne utviklinga vil halde fram. Dette gjeld særleg service og oppfølging av hjelpemidla. Det kommunale hjelpemiddellageret har fram til nå i hovudsak formidla tekniske hjelpemidlar, men digitale hjelpemidlar er i sterk vekst. Denne utviklinga vil stille nye krav til kommunen både når det gjeld kompetanse, service, tilgjenge og logistikk. Dagens organisering er sårbar ved fråvær og feriar, og baserer seg på få enkeltpersonar.

NAV Klepp-Time

Tenesta har eit mindreforbruk på 0,5 millionar kroner. Mindreforbruket er knytt til reduserte utgifter til sosialhjelp. Denne er redusert med 1,6 millionar kroner til 13,3 millionar kroner, som er nesten 3 millionar kroner under budsjett. Kvalifiseringsprogrammet har eit meirforbruk på 1,5 millionar kroner, knytt til auka tal på deltakarar. Kvalifiseringsprogrammet er ein rett for dei som kvalifiserer til tenesta.



Prosentdelen innbyggjarar mellom 18-66 år som får sosialhjelp er redusert frå 3,7 % i 2020 til 2,2 % i 2021. Time er nå nesten på Klepp-nivå og betydeleg under dei andre i samanlikninga.



Netto driftsutgifter til sosialtenester per innbyggjar er for Time redusert med 111 kroner i 2021 i forhold til i fjor og er nå om lag som Klepp og godt under landsgjennomsnittet.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp var på 13,3 millionar kroner i 2021. Det er over 1 million kroner mindre enn i 2020. Talet på brukarar som mottok sosialhjelp er noko redusert i forhold til 2020.

I 2021 var talet på deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet i gjennomsnitt 25 per måned. Dei fleste mottakarane ville alternativt fått utbetalt sosialhjelp. Det var berre ein deltakar som droppa ut av programmet i løpet av året. Fleire av dei som har fått jobb kom til kommunen som flyktningar.

NAV Klepp-Time har eit program for aktivitetsplikt (ViA) med god kartlegging av ungdommane og tett individuell oppfølging. Dette programmet har gjennom året variert mellom individuell oppfølging og gruppeoppfølging i tråd med forskrifter på grunn av pandemien. Dette har i periodar påverka kvaliteten på innhaldet. Det er 30 unge vaksne frå Time som har avslutta programmet i løpet av året.

NAV Klepp-Time har eit aktivitetstilbod for ei mindre gruppe brukarar i regi av Time kommune. Dei har ein arbeidsleiar og utfører ulikt arbeid for kommunen. Alle som har delteke, har fått tiltak og tiltakspengar via NAV stat og såleis fått mindre sosialhjelp.

Det har lenge vore arbeidd med å leggja til rette for at flyktningar kjem ut i arbeid. NAV Klepp-Time har sett av ei eiga stilling til dette arbeidet, finansiert av midlar frå Statsforvaltaren. Utviklinga i dette tiltaket har vore prega av utfordringar knytt til pandemien og vil ikkje bli vidareført i nåverande form.

Det er oppretta eit prosjekt som heiter «Individuell jobbstøtte» (IPS ung). I prosjektet er det ei stilling ved Meistringssenteret som er direkte knytt til NAV Klepp-Time. Målet med tenesta er å hjelpe personar med moderate til alvorlege psykiske lidingar og personar med rusmiddelproblem som ønsker å delta i arbeidslivet, ut i ordinært lønna arbeid. Metodikken byggjer på eit forpliktande samarbeid mellom helsetenestene og NAV. Deltaking i arbeid er integrert som ein del av behandlinga.

Det er oppretta eigne tverrfaglege grupper med deltakarar frå ulike tenester i kommunen for å styrka samarbeidet mellom NAV Klepp-Time og Time kommune. Ein har valt å fokusera på desse tre områda; flyktningar, barn og unge og unge vaksne. Det er gjennomført møter i to av tre grupper i løpet av året.

Flyktingtenesta Time og Klepp

Tenesta hadde eit mindreforbruk på 1,6 millionar kroner. Få busette flyktningar i 2020 og færre vaksne i 2021 har ført til mindre utbetaling av introduksjonslønn enn venta.

Flyktingtenesta Time og Klepp har hatt sitt første driftsår etter samanslåinga. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) tildelte kommunane 28 flyktningar kvar, og både Klepp og Time busette den løyvde kvoten. Av 56 flyktningar var 34 barn og 22 vaksne. Storparten var kvoteflyktningar via FN.

I alt 50 flyktningar hadde vedtak om introduksjonsprogram i 2021. Av desse kom 28 frå Time. Til saman 12 av 20 nye deltakarar i programmet kom frå Time, medan 9 av 16 som fullførte og avslutta programmet, var timebuar. Av dei 9 gjekk nær 89 prosent ut i jobb eller utdanning over grunnskulenivå, mot tilsvarande 78 prosent i fjor, jf tabell 9.3.7. Dette eit godt resultat, og over den nasjonale målsettinga på 70 %.

I 2021 kom ei ny integreringslov med krav om opplæring i livsmeistring og foreldrerettleiing for nye deltakarar i introduksjonsprogrammet. Tenesta er godt i gang med desse tiltaka.

Det har vore utfordrande for tenesta å gi eit individuelt tilrettelagt introduksjonsprogram på fulltid grunna pandemien. I periodar har digital opplæring vore einaste løysing. Sjølv om kravet om timetal stort sett er oppfylt, er det ikkje alle deltakarane som har hatt like stor nytte av tiltak via digitale verktøy. Ved hjelp av statleg tilskot har tenesta forlenga programmet for i alt 6 deltakarar i 2021.

Tenesta har etablert eit samarbeid med frivilligsentralen i Klepp og frivilligsenteret i Time om Språksprell. Fokuset er språk- og kulturutveksling mellom frivillige og deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Etter forvaltningsrevisjonen i 2020 har tenesta gjennomført intervju med 12 leiarar i kommunale verksemdar med tanke på fadderordning for introduksjonsdeltakarar i praksis. Då me berre har hatt ein deltakar i kommunal praksis i driftsåret, har ikkje framdrifta vore som venta.

Kultur

Tenesta hadde eit mindreforbruk på om lag 0,9 millionar kroner etter innarbeidd justering av ekstra statlege kompensasjonstilskot.

Året vart i stor grad prega av pandemien. Smittevernsrestriksjonar førte til at berre delar av publikumskapasiteten i kulturhuset, kinoen og biblioteket kunne nyttast. Også talet på brukarar av symjehallane, idrettshallane og fritidsklubbane måtte reduserast.

I 2021 var det 100 år sidan kommunesenteret fekk namnet Bryne. Dette vart markert på ulike vis. Mest synleg er skulpturen «Solaris» på Bryne stasjon som er finansiert av Time kommune, Brynes Vel, Bryne Næringsforening og Bane Nor Eigedom.

Bibliotek

Time bibliotek hadde 76 000 besøkande i 2021, ein framgang på 25 % frå året før (talet på besøkande inkluderer Garborgsenteret og kaféen). Besøket i normalåret 2019 var til samanlikning 90 000.

Samla utlån var på 97 234, som er på nivå med dei to siste åra. Biblioteket har sett ein liten nedgang i det samla utlånet av fysisk materiale sidan 2019, mest grunna koronasituasjonen. Motsett er ebok-utlånet dobla i same perioden. Denne endringa skuldast mellom anna at tilbodet på ebøker har auka.

Det vart halde 214 arrangement i 2021, som er på nivå med året før. Garborgdagar 2021 vart avlyst på grunn av pandemien.

Kino og kulturhus

Besøket på Bryne kino kom i 2021 opp i om lag 51 000, ein framgang på 18 prosent målt mot året før. Besøket i normalåret 2019 var på drygt 89 000. I tillegg til smittevernsrestriksjonane har pandemien også ført til at filmpremierar stadig har vorte utsette.

Storstova og Bryne Mølle hadde i 2021 eit samla besøk på om lag 14 700, ein framgang på om lag 25 prosent frå året før. Besøket i normalåret 2019 var på drygt 22 000. 2021 har vore prega av avlysingar og utsettingar av arrangement, noko som har påverka besøkstalet negativt.

Livsgledefestivalen 2021 vart avlyst på grunn av pandemien.

Fritid

Ungdomshuset Møllekjellaren hadde om lag 9 600 besøkande i 2021, ein nedgang på 12 prosent frå året før. Besøket i normalåret 2019 var på om lag 15 500. Dei andre kommunale ungdomstilboda hadde noko høgare besøk i 2021 enn året før.

«Alle med»-prosjektet vart vidareført og gir framleis svært gode resultat når det gjeld integrering av nye barn og unge i ulike fritidsaktivitetar i kommunen. I 2021 vart 110 nye barn og unge inkluderte i ulike fritidsaktivitetar.

Aktivitetstilbodet «SommarTime», med eit mangfald av aktivitetar for snautt 1000 barn og unge i alderen 1.–10. klasse vart gjennomført sommaren 2021. Tilbodet kom i stand med ekstraordinære midlar frå Utdanningsdirektoratet og vart gjennomført i samarbeid med ei rekke frivillige organisasjonar og kulturverksemder.

Utkast til «Frivilligstrategi for Time kommune» vart ferdigstilt og sendt på høyring. Revidert utkast vert lagt fram til politisk behandling første halvår 2022. Kontaktkonferansen for lag og organisasjonar vart gjennomført digitalt med om lag 20 eksterne deltakarar.

Kulturvern

Museumsaktiviteten og besøkstala vart i 2021 sterkt påverka av pandemien. Museumsanlegga vert drivne i samarbeid med Jærmuseet og frivillige organisasjonar og personar.

Arbeidet med å revidera kommunen sin kulturminneplan heldt fram i 2021.


Eigedom



Tenesteeininga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og reinhald av kommunale bygg.

Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 0,6 millionar kroner. Dette på trass av eit meirforbruk på straum på 3,7 millionar kroner og innsparingstiltak på 0,7 millionar kroner.

Reinhaldsavdelinga hadde eit mindreforbruk på om lag 3,2 millionar kroner, som i hovudsak skuldast mindre aktivitet i kulturbygg, idrettshallar og heimekontor grunna pandemien, effektivisering og endring i frekvens.

Byggdrift får utført ein del vedlikehald på kommunale bygg og bustader, men det er eit aukande etterslep av vedlikehald på den kommunale bygningsmassen og spesielt på den eldre bustadmassen. Dette bør ha fokus i framtidig økonomiplanarbeid.





Vegar og grøntanlegg

Tenesta omfattar drift av vegar, gatelys, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar og kyrkjegardsdrift. Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 3 millionar kroner som i hovudsak er relaterte til vintervedlikehald (ca. 1,7 millionar kroner), straumkostnader veglysl (ca. 0,3 millionar kroner) og parkering (ca. 1 million kroner).

Kommunen har rammeavtale med Lyse Lux når det gjeld gatelys. Det omfattar både investering, drift og vedlikehald. Kommunen har omlag 4300 gatelys og av desse er 2313 ledlys med betydeleg lågare forbruk enn dei gamle lampene. Dei gamle lampene står nå for omlag 75 prosent av straumforbruket til gatelys. Utskiifting av gammal gatelysarmatur vil fortsetja og vil bli fullført i løpet av tre til fire år og føra til betydeleg lågare energiforbruk.

Det har i 2021 fortsatt vore fokus på systematisk tømning av vegslukar, terrengslukar, bekkeinntak og fordrøyingsanlegg for å unngå overvasskadar på tredjepart sin eigedom.

Talet på leikeplassar og friområde aukar framleis, og det er krevjande å møte stadig høgare krav frå publikum, både i forhold til standard og skjøtsel. Oppgraderinga av uteområdet på Bryne skule vil verte fullført i 2022.

Vatn, avløp og renovasjon

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon viser ikkje sluttresultatet for 2021.

Vatn og avløp gjekk samla sett med eit mindreforbruk på 5,8 millionar kroner. Midlane er avsett til sjølvkostfond på avløp og har delvis dekkja underskotet på vatn frå tidlegare år. Ved

utgangen av året er sjølvkostfondet for vatn negativt på 1,1 millionar kroner og for avløp positivt på 4,1 millionar kroner.

Tømming av slamavskiljarar og septiktankar hadde eit meirforbruk på 100 000 kroner. Dette er delvis dekkja av fond. Ved utgangen av året er sjølvkostfondet negativt på 74 000 kroner.

Renovasjonstenesta hadde mindreforbruk i 2021. Sjølvkostfondet er på 3,4 millionar kroner ved utgangen av året, ein auke på 0,8 millionar kroner.

Vatn

Ved årsskiftet har om lag 98 % av abonnentane installert vassmålar og om lag 60 % har installert tilbakeslagssikring. Det er ved årsskiftet registrert 209 abonnentar utan vassmålar. Dette er redusert frå 266 i 2020.


I 2021 har det vore eit tap i nettet på om lag 31 %. Tapet i 2020 var på grunn av store lekkasjar på 41 %. Ein del vasslekkasjar er tetta i løpet av året. Eit tap på 31 % er også betydeleg, og det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet.

Avløp

Det er registrert 9,6 % meir avløpsvatn til reinsing enn den mengda vatn som vert kjøpt. Dette er redusert frå 32,5 % i 2020 og er rekordlåg. I praksis er dette et resultat av prioriterte oppgåver over fleire år som handlar om å redusera overflatevatn inn i avløpsvatnet. Det vart i 2021 funnet ti tilfelle av feilkoplingar som er retta opp, som dermed har resultert i mindre overvatn til reinsing.

Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder, noko som betyr at det framleis går ein god del overflatevatn til reinsing. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera dette. Det er satt inn ein del vassmålarar for lettare å kunna oppdaga feil og utføre tiltak, for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast og sikra at meir av dette går i overvassnettet.

Figuren under viser ein klar samanheng mellom mengde nedbør og levert spillvatn til reinsing for Time. Figuren viser at sjølv i eit år med lite nedbør som i 2021, er innlekk til reinsing høgare enn avløp frå hushald og næring. (Tala er henta frå IVAR, YR og økonomiavdelinga i Time.)



Renovasjon

Den offisielle avfallsstatistikken for 2021 som inkluderer både innsamla hushaldsavfall og levert avfall på gjenvinningsstasjonane, viser at kommunen samla sett har levert inn 6203 tonn, og har ein sorteringsgrad på 71,9 %. Dette viser at trenden for auka sorteringsgrad fortsett, i 2020 var den 70,5 %. Innbygarane har dermed vorte litt flinkare til å sortera avfallet for kvart år.

Materialgjenvinningsgraden har også auka, statistikken viser at 58,9 % av avfallet vart materialgjenvunne, mot 53,2 % i 2020. Resten av avfallet vart anten ombrukt (1,5 %), energigjenvunne (36,8 %) eller deponert (2,8 %).

Samla sett leverte kvar timebu 321 kg avfall i 2021. Dette er 25 kg mindre enn i 2020, noko som er ein stor reduksjon. Noko kan forklarast med at folk truleg var meir heime enn normalt i 2020, og at det normaliserte seg meir i 2021. Mengda gjekk opp frå 2019 til 2020.

4.4.5 Utfordringar framover

Det er generelt sett høge forventningar til standarden på dei kommunale vegane, parkane, friområda, idrettsanlegga og kyrkjegardane. Det same gjeld for mest mogleg miljøvennleg skjøtsel av områda. Med dei store utbyggingane som har funne stad dei siste ti åra, har kommunen store utfordringar med å imøtekome desse forventningar i høvet til kva ressursar som er avsette i budsjettet. Investeringane framover er framleis høge, så desse utfordringane må få auka merksemd i åra framover.

Det er eit aukande etterslep av vedlikehald på den kommunale bygningsmassen og spesielt på den eldre bustadmassen. Dette bør ha fokus i framtidig økonomiplanarbeid.

Samfunn har i tillegg følgande utfordringar framover:

- Slutføra revisjonen av samfunnsdelen av kommuneplanen
- Revidera Kommunedelplanen for Bryne sentrum, primært føresegnene må justerast i forbindelse med kommuneplanen sin nye arealdel, vedtaket i «Fjellhallsaka» med meir
- Slutføra revisjonen av Kulturminneplanen
- Slutføra arbeidet med ein frivilligstrategi, samhandling med frivillig sektor
- Slutføra revisjonen av miljø- og klimaplanen

- Følga opp tiltaksplanarbeidet i Håvassdraget saman med Hå, og utarbeida tiltaksplan for Orrevassdraget saman med Klepp
- Få avklart mogleg felles interkommunal løysing for kommunane i Sør-Rogaland for skogbruks- og viltforvaltninga
- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnett
- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast og sikra at meir av dette går i overvassnett

4.5 Stabstenester

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles administrasjons- og stabsfunksjonar som omfattar heile kommunen. Dette gjeld politisk sekretariat, dokumentsender, Innbyggarservice og kommunikasjon, kommuneadvokaten, digitalisering og utvikling, økonomi og rekneskap og lønn og personal. Tilskotet til Time kyrkjelege fellestråd vert også ført her.

4.5.1 Økonomi

Stabstenester	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R) 2021
	Rekneskap 2021	m/endingar 2021	u/endingar 2021	Rekneskap 2020	
Politiske organ	8 148	8 369	7 908	7 406	221
Administrasjon	46 203	46 458	44 933	43 290	255
Jæren kemnerkontor	0	0	0	1 379	0
Kyrkjeleg fellestråd	8 590	8 461	8 461	9 525	-129
Diverse fellesutgifter	4 775	5 358	5 429	3 872	583
Sum stabstenester	67 716	68 646	66 731	65 472	930

Stabane har eit netto mindreforbruk på 0,9 millionar kroner. Det største avviket er på etableringstilskot under «Diverse fellesutgifter». På grunn av låge renter og dermed låge kostnader ved bustadkjøp, har det ikkje vore nødvendig å nytta heile etableringstilskotet. Det er derfor nytta på 0,45 millionar kroner mindre enn budsjettet.

I 2020 inngjekk også tilskot til trussamfunn i posten som nå er kalla Kyrkjeleg fellestråd. Meirforbruket skuldast feil i budsjettet. Denne feilen er også med i 2022-budsjettet og må justerast.

4.5.2 Rapportering om tiltak 2021

Tiltak	Merknadar	
Politikk		
Stortingsval	U	
Folkevaltopplæring	I	Utsatt grunna pandemien
Administrasjon		
Ny plattform for internkommunikasjon	D	Blir tatt i bruk 1. halvår 2022
Fullføra implementering av nytt sentralbord	U	
Oppgradera dagens sak-/arkivsystem	U	
Få på plass fullelektroniske elevmapper og barnemapper	D	Prosjektet blir fullført i 2022
Innføra SvarUt og SvarInn i fleire av kommunen sine tenester	U	
Vidareutvikla «Mi side» og implementera «Book ein saksbehandlar» på nettsida	U	
Implementera ny innkjøpsstrategi	U	
U = Utført D = Delvis utført I = Ikkje utført		

4.5.3 Handtering av pandemien

For stabane var 2021 i stor grad prega av pandemien. Det har vore eit stort informasjonsbehov hos innbyggerane i løpet av pandemien. Informasjonsarbeid knytt til mellom anna smitteverntiltak og koronavaksinering har ført til mykje ekstraarbeid. Det same gjorde arbeidet med å levera ut hurtigtestar på slutten av året.

I heile pandemien har det vore eit eige område på nettsida med “koronainformasjon”, og i 2021 vart det også oppretta eige område for informasjon om koronavaksine.

Under pandemien har me i 6 av 12 månadar i 2021 jobba frå heimekontor. Noko som har kravd anna form for samhandling og leing.

Stabane har på grunn av utstrakt digitalisering, nesten kunna utføra eit like godt arbeid heimefrå. Det daglege arbeidet er godt ivaretatt, men utviklingsarbeidet vert vanskelegare frå heimekontor.

4.5.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon


Politisk organ

Dei politiske organa i kommunen består av kommunestyre, formannskap, utval for levekår, utval for lokal utvikling, administrasjonsutval og senior- og brukarrådet.

Stortingsvalet vart gjennomført med ei valdeltaking på 80,9 %. Det var stor oppslutning til førehandstemminga.

Det vart valt nytt ungdomsråd.

Administrasjon



Time har saman med Hå lågast administrasjonskostnader. Kostnadene ligg betydeleg under Kostra-gruppe 7 og landet utanom Oslo.

Innbyggarservice og kommunikasjon

Sosiale media vert ein stadig viktigare del av kommunikasjonen med innbyggerane våre, og i løpet av 2021 runda me over 5000 følgjarar på Facebook-sida til kommunen. Det er viktig at

me heile tida utviklar oss på dette området, testar ut nye kanalar og løysningar, slik at me når målet om å utvikla Innbyggarservice med digitalt førsteval som mål.

I 2021 var det 1 696 746 treff på nettsida. Dette er over 1 million fleire treff enn i 2019, og også om lag 700 000 meir enn i 2020. Dette er nok på grunn av ekstra informasjonsbehov i pandemien.

Som kommunen si førstelinje mottok avdelinga om lag 32 000 telefonar via sentralbordet i 2021. Nytt sentralbord er tatt i bruk, og i 2022 vil ny funksjon med tasteval verta innført.

Dokumentsenter

I 2021 har Dokumentsenteret oppgradert sak/arkiv systemet til ein meir brukarvennleg versjon og innført digital opplæring i systemet. Det har vorte klargjort for innføring av digitale elevmapper som har oppstart 01.01.2022. Førebuingar til digitale barnemapper er i gang, desse er tenkte å realiserast i løpet av våren 2022. Fleire system har vorte knytte til SvarUt/SvarINN, og det har kome på plass fleire små digitaliseringsprosessar som blant anna digitale skjema med meir.

Kommuneadvokaten

Kommuneadvokaten sitt arbeid kan for året 2021 fordelast på følgjande hovudoppdrag; rundt 40 % av kapasiteten går til barnevernssaker av ulik kompleksitet, 10 % til arbeidsrettslege problemstillingar og 10 % til hjelp i plan- og byggesaker. Resterande 30 % utgjer alkoholsaker, erstatningsrett, klagesaker, delegeringsreglement, eigedomsskatt og andre saker frå kommunen sine ulike tenesteområde.

Det er og starta opp ein dialog med Hå og Gjesdal kommunar om å oppretta felles advokatteneste for dei tre kommunane. Planen er å prøva ut eit slikt samarbeid i 2022.

Digitalisering og utvikling

I 2021 har hovudfokuset vore på sikkerheit samt å flytta mykje av vår programvare frå lokale installasjonar til skytenester. Alle brukarane våre har nå fått flytta e-posten sin ut i skya, noko som er meir robust og sikrere enn tidlegare. Innføringa av TEAMS har også gjort at samhandling/samskriving har vorte lettare. Frå andre avdelingar har me fått tilbakemelding på at bruk av vår nye samhandlingsportal (TEAMS) gjer arbeidet deira lettare. Verktøyet er også eit godt hjelpemiddel i leiarstøtte og opplæring.

I kjølvatnet av fleire alvorlege sikkerheitshendingar, har også Time kommune gjort fleire grep for å sikra våre data best mogleg. Brannmurar er oppdatert, og me har fått på plass ein heilt ny backup-løysing. Mykje av dette er basert på råd frå KS og føringar for nasjonal sikkerheit utarbeida etter dyrekjøpt erfaring frå Østre Toten kommune. Dette arbeidet held fram også inn i 2022.

Kompetanseheving blant tilsette er også eit viktig element inn i sikkerheitsarbeidet og dette er det stort fokus på. Det er mykje som skjer innan digitalisering nå og i åra som kjem, så kompetanse er eit veldig viktig fokusområde.

Det er også jobba med nye rammeavtaler for telefoni og IKT maskinvare. Avtalane vert inngått i 2022.

Personal og lønn

Leiaropplæring og leiarstøtte er dei største arbeidsoppgåvene for HR-konsulentane i avdelinga. Leiarane får hjelp og støtte til daglege personaladministrative oppgåver. Då dei fleste oppgåvene avdelinga jobbar med er på digitale verktoy, går mykje av arbeidsdagen til rettleiing/support og oppfølging av rutinar ved tilsetjingsendringar og støtte rundt spørsmål om tilsettingsforhold, permisjonar og sjukefråvær.

Lønn har vore med på implementering av Visma Timeplan i skulane. Dette systemet leverer digitale timelister og fråværsfiler til lønnskøyting og refusjonsbehandling. Nytt fleksibelt arbeidstidssystem er tatt i bruk. Systemet erstattar eit utdatert system og papirløysingar for timeutbetaling, ferie-/sjuke- og permisjonsmeldingar. Digitalisering i staten når det gjeld innrapportering av lønnsdata medfører ekstraarbeid for arbeidsgjevarane som må ha fleire lønnskøytingar kvar månad.

Økonomi og rekneskap

Økonomiavdelinga gir opplæring, rettleiing og anna hjelp til både nye og røynde leiarar i deira økonomistyring.

I mange år har stabane hatt avtale om pilotering og testing saman med leverandør av økonomi-/lønns- og personalsystem. Dette sikrar digital framdrift og utvikling og avtalen sikrar tilgang til nye digitale løysningar. Det vert brukt ein del tid på dette gjennom året, men me har vurdert at gevinsten er større.

Aktiviteten i avdelinga kjem dels frå behandlinga av om lag 61 800 inn- og utgåande fakturaer, sjå kapittel 9.4.1. Det er også her avdelinga har hatt mest effekt av digitaliseringa som har føregått over mange år, men ennå er det noko å jobba med for å verta betre og meir effektive.

Økonomiavdelinga bruker i liten grad inkassoselskap for å krevja inn uteståande krav. I 2021 hadde økonomiavdelinga om lag 1000 saker som ikkje vart betalte etter purring. Desse sakene er arbeidskrevjande.

Kommunen lånte ut 45,8 millionar kroner i startlån og vidareformidla 0,9 millionar kroner i tilskot til etablering og tilpassing av bustad. Etterslepet på behandling i 2020 er nå tatt igjen.

Kommunen har ved utgangen av 2021 samla utlån av startlån på 251,8 millionar kroner.

Kyrkja

Time kyrkjelege fellesråd har fått tilskot og tenester for 8,6 millionar kroner i 2021. I tillegg er det under eigedomsforvaltning i samfunn utbetalt 0,5 millionar kroner i husleigedekning og anna tenesteyting.

Generelt

Sjukefråværet i stabstenestene var i 2021 på 2,9 % mot 1,6 % i 2020.

4.5.5 Utfordringar framover

Stabane jobbar for å leggja til rette for leiarar og tilsette slik at dei best mogleg kan utføra sine administrative oppgåver. Utfordringane framover vert å betra dei eksisterande rutine og prosessane.

- Digitalisera rutinar som framleis er manuelle

- Legga til rette for leiarane slik at dei enklare kan utføra oppgåvene sine med lønns-, personal- og rekneskapssystema
- Ta i bruk «Aktiv kommune» på fleire område
- Utnytta effektiviseringspotensialet i ny telefonsentral
- Full overgang til ny samhandlingsplattform (Teams)
- Ta i bruk ny plattform for internkommunikasjon

5 Kommunen som arbeidsgjevar

5.1 Rapportering om tiltak 2021

Tiltak		Merknader
Starta prosess med å utvikla strategisk og operativ arbeidsgjevarstrategi	I	Arbeidet vart ikkje prioritert pga. pandemien og på grunn av lite ressursar då HR-rådgjevarstilling var vakant
Implementera QM+ som HMS-K system i heile kommunen	U	
Vurdera innkjøp av kompetansesystem	U	
Implementera KS læring	U	
Ferdigstillta heiltidserklæring for Time kommune	D	Verta klar i første halvår 2022
Implementera revidert styringsdokumentasjon for informasjonstryggleik og personvern	U	


U = Utført
 D = Delvis utført
 I = Ikkje utført

5.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Tilsette i kommunen

	2021	
	Budsjetterte årsverk	Tilsette i faste stillingar
Oppvekst	597	674
Omsorg	405	573
Samfunn	176	208
Stabar	52	50
Sum	1229	1505

Budsjetterte årsverk er auka med 26 frå 2020 til 2021. Kommunen har tatt tilbake drifta av vass- og avløpssektoren og det er oppretta eit kommunalt legesenter. Dette stod til saman for ein auke på 15 årsverk.



Seniorpolitikk og pensjon

Seniorar per 31.12.	Tilsette aktive		Senioravtale		AFP ¹⁾	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021
62-64 år	51	63	22	21	10	17
65-66 år	15	17	14	9	17	18
67 år og over	10	10				
Sum	76	90	36	30	27	35

1) Inkluderer heil og delvis AFP

Seniortiltak er innført for å redusera uttak av AFP. Når det gjeld uttak av AFP for medlemmane i KLP så er uttaket på om lag 60 % av landsgjennomsnittet. Auken i uttaket av AFP for 62-64 år skuldast i stor grad fleire i aldersgruppa.

Pensjon	2018	2019	2020	2021
Aktive medlemmar i Klp og Statens pensjon	1 833	1 818	1 891	1 988
Personar med heil/delvis AFP	25	27	26	35
Personar med heil/delvis uførepensjon ¹⁾	138	110	138	142
Gjennomsnittleg uføreandel per årsverk %				
KLP fellesordning	6,3	7,5	7,4	7,3
Gjennomsnittleg uføreandel per årsverk %				
Sjukepleieordning	4,5	6,0	5,1	4,6

1) Dette inkluderer både varig og midlertidig uførepensjon og eksklusive oppsette rettar

Uføredelen per årsverk i Time ligg under landsgjennomsnittet for KLP-kommunar. I fellesordninga er landsgjennomsnittet 9,1 % og for sjukepleiarar er landsgjennomsnittet 5,8 %.

Heiltid

Forsking har dokumentert at mange små stillingar i pleie- og omsorg fører til svekka tenestekvalitet og ineffektive tenester. Tabellen under viser kor stor del av stillingane som er heiltid og gjennomsnittleg stillingsprosent i dei ulike kommunalområda. I Time kommune har 48,9 % av dei tilsette 100 % stilling.

	% med 100% stillingar		Gjn. Snittleg stillingsprosent	
	2020	2021	2020	2021
STAB	82,0 %	80,0 %	92,3 %	91,9 %
OPPVEKST	55,5 %	58,5 %	85,8 %	86,7 %
OMSORG	29,5 %	31,1 %	64,3 %	65,5 %
SAMFUNN	49,0 %	54,3 %	74,3 %	76,6 %
TIME	45,5 %	48,9 %	76,5 %	78,2 %


Det er også andre store område, utanom omsorg, med stor bruk av deltid som kultur, fritid, reinhald, SFO og kulturskule.

I Omsorg har det vore ei systematisk satsing på heiltid i fleire år. Omsorg har som mål at 60 % av dei tilsette skal ha stillingsstørrelse 75 % eller meir. Resultatet for 2021 er på 49,9 %. Utviklinga over tid viser ei gradvis auke, men det går seinare enn forventa jamfør tabellen.

Kommunedirektøren vil leggja fram forslag til heiltidsstrategi for Time kommune i 2022.

Likestilling, mangfold og likebehandling

Time kommune er ein stor arbeidsgjevar og har som mål å vera ein attraktiv og inkluderande arbeidsgjevar.



Kommunesektoren i Norge har ei skeivfordeling mellom kjønn, og Time kommune er inga unntak. I alle utlysingar oppfordrar kommunen alle kvalifiserte søkarar til å søka uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering og kjønnsidentitet. Det har dei seinare åra òg vore spesielt fokus på å rekruttera fleire menn til yrke innan Oppvekst og Omsorg.

Leiarar per 31.12	2019		2020		2021	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kommunedirektøren si leiargruppe	33 %	67 %	33 %	67 %	43 %	57 %
Øvrige leiarar	77 %	23 %	75 %	25 %	74 %	24 %
Totalt antal leiarar	61	18	54	18	72	26
Prosent leiarar/årsverk	6,3 %	11,0 %	4,2 %	8,2 %	7,4 %	13,2 %

Tabellen viser ei stabil fordeling av leiarstillingar basert på kjønn. Han speglar den generelle kjønnsfordelinga i kommunen på menn og kvinner. Rundt 80 % av dei tilsette er kvinner.

Rekruttering

Faste ansatte som har slutta	2017	2018	2019	2020	2021
Turnover	5,1 %	4,7 %	5,8 %	4,9 %	6,1 %
Årsverk	59,1	56,5	68,4	57,7	75,3
Ansatte	85	94	107	83	124
Av desse, alderspensjonerte	16	15	20	10	19
Prosent slutta ansatte som gikk ut med pensjon	18,8 %	16,0 %	18,7 %	12,0 %	15,3 %

Kommunen er ein stor arbeidsgjevar og det er gledeleg at det i dei fleste tilfella er fleire godt kvalifiserte søkarar når stillingar vert utlyst. I 2021 gjennomførte Time kommune omtrentleg 320 tilsettingar og det vart registrert 2667 søkarar. Av desse var 2083 kvinner og 573 menn.

	Søkarar		Tilsett	
Menn	573	22 %	59	18 %
Kvinner	2 083	78 %	267	82 %
Totalt	2 656	100 %	326	100 %

HR-rådgjevarane deltek i alle leiarrekrutteringane. Det vert brukt kartleggingsverktøy som grunnlag for intervju og det vert gjennomført både første- og andregongsintervju ved alle leiartilsettingar.

HMS og sjukefråvær

Time kommune har utarbeidd ein handlingsplan for inkluderande arbeidsliv som gjeld for perioden 2019-2022. Handlingsplanen er forankra i nasjonal intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv, og verdiane våre: Ansvar, engasjement, optimisme og gjensidig respekt. Treparsamarbeidet mellom tillitsvalde, vernetenesta og arbeidsgjevar i Time kommune er ein bærebjelke for arbeidet med å redusera fråværet, og avgjerande for at me skal nå måla me har sett oss. Førebygging og oppfølging av sjukefråvær er forankra i tillit, openheit, tydelegheit og løysingsfokus.

Arbeidet med inkluderande arbeidsliv er nært knytt til kommunen sitt HMS-arbeid. Året 2021 har vore prega av koronaviruset. Det har derfor vore særskilt viktig å gjennomføra planlagde HMS-aktivitetar. 40-timars HMS-grunnkurs for nye leiarar, verneombod og AMU-medlemmar er gjennomført. Den digitale vernerunden er gjennomført og lynkurs i sjukefråværsoppfølging og personalsaker vart gjennomført som planlagt.

Fråværet har vore stabilt dei siste åra. Korttidsfråværet har gått opp, noko som sannsynlegvis skuldast fråvær knytt til korona, medan langtidsfråværet har gått ned.

Sjukefråvær dei 3 siste åra var slik:

Sjukefråvær			
År	2019	2020	2021
Kort	1,7 %	2,0 %	2,1 %
Lang	5,4 %	5,2 %	5,1 %
Totalt	7,1 %	7,2 %	7,2 %

Kommunen har ein samla ambisjon at sjukefråværet skal vera under 6,6 %. For perioden oktober 2020 til september 2021 var sjukefråværet på 6,6 %. Auke i koronasmitten viser eit sjukefråværet for november på 8,9 % og for desember på 9,4 %. Dette øydela for eit resultat i samsvar med målsettinga.

Internkontroll og kvalitetsarbeid

I 2021 var fokusområda for kommunen si internkontrollrapportering oppfølging av medarbeidarundersøkinga og bruk av rammeavtalar på innkjøp. Oppfølging av undersøkinga skal sikra at nødvendige endringar blir iverksett. Medarbeidarsamtalane bygger på same faktorar som medarbeidarundersøkinga. Dette for å sikra ein raud tråd i oppfylging av tilsette på individ og gruppenivå.

Internkontrollrapporteringa visar at kommunen har hatt ei positiv utvikling på fokusområde medarbeidarundersøking. I tillegg til fokusområde for kommunen har tenesteområda valt ut sine egne fokusområde. For tenesteområde Omsorg var fokusområde kurskatalogen/intern opplæring og informasjonssikkerheit/personvern. For tenesteområde Oppvekst var fokusområde kvalitetssystemet Qm+ og journalføring. Stab sine fokusområde var kurskatalogen og journalføring, medan tenesteområde for Samfunn sitt fokusområde var å

utarbeida tiltak på bakgrunn av forvaltningsrevisjonen, klagar frå eksterne og brukarundersøkinga.

Internkontrollrapporteringa 2021 viser at kommunen blant anna er gode på å gjennomføra førebyggjande sjukefråværsoppfølging i tråd med kommunen sine retningslinjer, fatta vedtak i tråd med lovverk og ta avgjerder i tråd med delegeringsreglementet. Samtidig viser rapporten at kommunen kan verta betre på blant anna å gjennomføra beredskapsøving og gjennomføra møte i kvalitetsteam.

Personvern

Sikkerhetsgruppa har ansvar for å samordna og vidareutvikla arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern på systemnivå for Time kommune. Gruppa arbeider fortløpande med å behandla avvik, hjelpe til i risiko og sårbarheitsvurderingar rundt informasjonssystem, utarbeiding av behandlingsprotokoll for personopplysningar og anna rådgjeving på fagområdet.

Det største prosjektet i 2021 var å etablere eit nytt styringssystem for informasjonssikkerheit og personvern. Styringssystemet er samla i eiga handbok. Andre satsingar er å få oversikt over bruk av overvakingkamera og å gjera merksam på pliktene som følger med det.

Lærlingar

Kommunen ønsker gode fagarbeidarar til kommunen og har fokus på god opplæring i læretida. Kommunen sørger for god opplæring i faste fagmøte for lærlingane og instruktørane. I tillegg kjem Lærlingskulen og «Bli kjent dagen» som er gode arenaer for opplæring, å dela erfaringar og sørge for trivsel på arbeid.

Lærlingar i Time kommune	2018	2019	2020	2021
Inntak	18	16	20	17
Sum etter inntak	33	34	33	32
Per 31. 12	33	33	32	35

I 2021 var det 107 søkarar til 17 ledige læreplassar. Talet på lærlingar ved utgangen av 2021 var 35 fordelt slik: barne- og ungdomsarbeidar 11, helsefagarbeidar 21, byggdriftar 1, IKT-servicefag 1 og institusjonskokk 1.

I tillegg til lærlingar med ungdomsrett inkluderer tala også fagbrev på jobb for tilsette som innfrir krava fylkeskommunen sett. I 2021 var det 5 tilsette som gjekk inn på denne ordninga.

Lokale lønnsforhandlingar

Det var forventet ein lønnsvekst på 2,2 %. Det vart gjennomført eit normalt lønnsoppgjer i 2021 med både sentrale og lokale forhandlingar. Resultatet vart 3,6 %, eit resultat som samsvarer med resten av kommunal sektor.

Kompetansebygging

HR-rådgjevarane starta hausten 2021 ei kursrekke for leiarar i problemstillingar som sjukefråværsoppfølging, “den vanskelege samtale”, HMS og rekruttering. Ytringskultur var tema for ei heildagssamling i Storstova for alle leiarar i kommunen.

Nytt kompetansesystem som omfattar alle tilsette vil verta tatt i bruk i 2022.

5.3 Utfordringar framover

Time kommune har blant anna desse utfordringane framover:

- På kort sikt vil pandemien påverka arbeidssituasjon i 2022 med omprioritering av oppgåver, usikkerheit med tanke på smittesituasjonen og høgare arbeidspress enn vanleg.
- Vedta heiltidserklæringa
- Rekruttera og behalda kompetanse spesielt innan Omsorg
- Revidera arbeidsgjevarstrategien som tek omsyn til utfordringane Time kommune står ovanfor

6 Investeringar

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2021. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år. Jamfør tabellane nedanfor.

	Rekneskap				Budsjett 2021
	2018	2019	2020	2021	
Investeringar i nybygg og nyanlegg	189 552	225 355	260 374	178 706	178 575
Finansiert slik:					
Investeringsinntekter	23,7 %	34,9 %	48,1 %	41,5 %	36,6 %
Eigenkapital	22,3 %	9,5 %	8,6 %	18,6 %	23,3 %
Låneopptak	54,0 %	55,6 %	43,3 %	39,8 %	40,1 %
Ikkje finansiert	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Det var opprinneleg budsjettert med 277,2 millionar kroner i investeringar. Budsjettet er nedjustert med nesten 100 millionar kroner. Årsakene til dette er avvik mellom budsjettert og reell framdrift i prosjekta. Dette gjeld idrettshallar, omsorgsbustader og fleire vass- og avløpsprosjekt.

I 2021 er investeringane finansierte med 39,8 prosent låneopptak. Kommunen har teke opp 71,2 millionar kroner i nye lån til investeringsformål. Det var opprinneleg budsjettert med 130,8 millionar kroner i låneopptak.

Investeringsinntektene er refusjonar frå Klepp for Vardheia ungdomsskule, - idrettshall og turnhall på 39,9 millionar kroner, spelemidlar, statstilskot og refusjonar frå private utbyggarar. Det er inntektsført forventa mottak av spelemidlar og refusjon frå grunneigarar i samsvar med avtale sjølv om desse ikkje er utbetalte. I tillegg inkluderer investeringsinntektene momskompensasjon for 2021 med 22,3 millionar kroner.

Eigenfinansieringa inkluderer overføring frå driftsrekneskapen, motteke avdrag frå Lyse og Time kyrkjelege fellelsråd, sal av fast eigedom og utstyr på 8,1 millionar kroner og bruk av fond. Andelar og utlån er eigenkapitalinnskot til KLP på 3,6 millionar kroner, netto utgifter til startlån (mottekne avdrag minus betalte avdrag) og kjøp av privat legepraksis på Kvernaland.

	Rekneskap				Budsjett 2021
	2018	2019	2020	2021	
Investeringar i nybygg og nyanlegg	189 552	225 355	260 374	178 706	178 575
Finansiert slik:					
Tilskot/refusjonar/sal	22 368	50 429	84 832	51 946	45 172
Momskompensasjon	22 477	28 227	40 444	22 286	20 168
Eigenkapital	42 260	21 298	22 383	33 285	41 613
Bruk av investeringslån	102 447	125 401	112 715	71 189	71 622
Sum finansiering	189 552	225 355	260 374	178 706	178 575
Avvik investering/finansiering	0	0	0	0	0
Bruk av eigenkapital:					
- overført frå drift	12 214	15 512	14 597	19 234	19 233
- netto bruk av tidlegare avsetningar	5 730	-7 632	2 237	-1 305	
- mottatte avdrag egne midlar	5 832	5 830	5 832	14 755	14 480
- årets salsinntekter	24 064	15 695	7 172	8 060	11 500
- andelar og utlån	-5 580	-8 107	-7 455	-7 459	-3 600
Sum	42 260	21 298	22 383	33 285	41 613

I investeringsrekneskapen vert også utlån av startlån ført. I 2021 lånte kommunen ut 45,8 millionar kroner mot 3 millionar kroner i 2020. Årleg låneopptak til vidareutlån er på 25 millionar kroner. Ubrukte lånemidlar ved utgangen av fjoråret var på 4,8 millionar kroner.

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me budsjettjusterer seint på året vert det avvik mellom budsjettert løyving og forbruk kvart år.

Investeringsrekneskapen vert gjort opp samla og ikkje for kvart prosjekt, og er i 2021 gjort opp med eit mindreforbruk på 0,4 millionar kroner. Dette mindreforbruket er saldert mot låneopptak. Kommunen har derfor ubrukte lånemidlar på 0,4 millionar kroner og desse vert nytta til å finansiera investeringar i 2022.

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2021, kolonne to viser budsjett 2021, og for fleirårige prosjekt viser kolonne tre rekneskapsført hittil og fjerde kolonne viser samla prosjektløyving.

Det er ikkje alle prosjekta som er med her. I hovudsak er det berre prosjekt med store kostnader i 2021 eller andre forhold som gjer prosjektet spesielt interessant. For å sjå detaljane om alle prosjekta viser me til rekneskapsdokumentet.

Investeringsprosjekt som det i 2021 er avlagt eige rekneskap for i eiga politisk sak, vert ikkje kommenterte.

6.1 Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap hittil	Prosjekt-ramme
1101 IKT investeringar - felles	4 325	4 000		
1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg	2 207	2 000	24 217	22 270
1905 Eigenkapital KLP	3 601	3 837		

1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det gjort store investeringar på backup og sikkerheit på ca. 2,5 millionar kroner. Det er også gjort større oppgraderingar i møterom, formannskapssal og arbeidsplassar for å tilnærma oss den nye digitale kvardagen. Trådlaust nett er bytta ut på nesten alle skular og det er bygd ut betre rekkevidde på sjukeheimane.

1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg

Prosjektet vart starta i 2012 og vart slutført i 2021. Det er brukt 24,2 millionar kroner og budsjettet 22,3 millionar kroner til oppgradering og rehabilitering av ventilasjonsanlegg i den samla kommunale bygningsmassen.

1905 Eigenkapital KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

6.2 Skular og barnehagar

Skular og barnehagar	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regnskap hittil	Prosjekt-ramme
2203 Mindre ombyggingar - Oppvekst	2 004	1 500		
2242 Vardheia ungdomsskule	45 880	44 000	277 426	305 627
2242 Vardheia ungdomsskule - refusjon	-26 443	-22 600	-122 007	-135 938
2244 Rosseland skule bygg D	2 574	2 000	2 574	6 000
2254 Bryne kompetansesenter	5 423	4 000	7 513	7 500
2256 Frøyland skule - fotballbane	2 439	2 842		
2256 Frøyland skule - fotballbane	0	-600		

2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar er i hovudsak utførte og omtala i ULK-sak [007/22](#) og [004/21](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2021.

2242 Vardheia ungdomsskule

Prosjektet viser Time sin del av samla rekneskapsførte kostnader ved utgangen av 2021, og Time sin del av godkjent prosjektløyving inklusiv meirverdiavgift. Skulen vart formelt overtatt av kommunen medio april 2021. Det er i prosjektet inntektsført avtalt refusjon frå grunneigarane sjølv om det kan gå fleire år før alt er innbetalt. Samla sett vil prosjektet få mindretgifter. Byggerekneskap vert levert i løpet av 2022.

2244 Rosseland skule bygg D

Prosjektet hadde oppstart i 2021 og vert slutført i 2022.

2254 Bryne kompetansesenter

Prosjektet gjeld bygningsmessige tilpassingar for lokalisering av felles flyktingtenester i

Klepp og Time. For å kunna nytta areala i heile «Sukkerbiten», eldste delen av tidlegare Bryne gymnas, må det mellom anna leggst til rette for heis i denne delen av bygget. Prosjektet er ferdigstilt ved årsskiftet 2021/22

2256 Frøyland skule – fotballbane med lys

Anlegget er ferdigstilt i 2021 med eit mindreforbruk på 0,4 millionar kroner.

6.3 Omsorg

Omsorg	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
3101 Velferdsteknologi - Omsorg	478	1 200		
3202 Mindre ombyggingar - Omsorg	1 439	1 500		
3213 Kommunale bustader	77	2 000		
3213 Kommunale bustader	-3 404	-10 000		
3232 Rehabilitering Kommunale utleigebustader	1 314	1 000		
3248 Planlegging og rehabilitering vaskeriet	2 831	5 500		
3249 Oppgradering 8-10 omsorgsbustader Linevegen og Kringlemyr - tiltakspakke 2	1 638	196		
3249 Oppgradering 8-10 omsorgsbustader Linevegen og Kringlemyr - tiltakspakke 2	-1 616	-196		
3269 Robuste bustader Re 3+2	1 239	0	5 369	12 700

3101 Velferdsteknologi – Omsorg

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg.

3202 Mindre ombyggingar – Omsorg

Mindre oppgraderingstiltak i Omsorg er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-sak 007/22](#).

Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2021.

3213 Kommunale bustadar

Kuberget 5 på Lye er selt for 3,4 millionar kroner i 2021. Det er i tillegg budsjettert med 10 millionar kroner frå sal av Knattstien 2, men dette salet er ikkje slutført.

3232 Rehabilitering kommunale utleigebustadar

Prosjektet gjeld utføring av større rehabiliterings- og vedlikehaldstiltak i den kommunale utleigebustadmassen.

3248 Rehabilitering vaskeriet på Bryneheimen

Prosjektet starta kring årsskiftet 2021/22

3249 Oppgradering 8-10 omsorgsbustadar Linevegen og Kringlemyr (tiltakspakke)

Det vart i 2020 og 2021 oppgradert seks bueiningar i Kringlemyr og to i Linevegen.

Oppgraderinga vart finansiert med regjeringas tiltakspakke. Prosjektet er slutført.

3269 Robuste bustadar Re 3+2

Prosjektet gjeld kjøp av tomt, regulering og oppføring av fem robuste bustader over nokre år framover. Reguleringsarbeid starta i 2021.

6.4 Kulturbygg og kulturanlegg

Kulturbygg og kulturanlegg		Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
4309	Mindre ombyggingar kulturbygg	493	500		
4480	Kunstarleg utsmykking	738	1 350		
4480	Kunstarleg utsmykking - refusjon	-450	-450		
4517	Bårehus og seremonirom	3 500	3 500		

4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

Mindre oppgraderingstiltak på kulturbygg er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-sak 007/22](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2021.

4480 Kunstnerleg utsmykking

Det meste av dette gjeld utsmykking av Vardheia ungdomsskule og Klepp har betalt sin del som refusjon.

4517 Bårehus og seremonirom

Ubrukte midlar på 3,5 millionar kroner er avsett til bundne investeringsfond for utbetaling til Kyrkjeleg fellesting når arbeidet startar opp.

6.5 Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv		Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
2249	Vardheia idrettshall	3 754	3 500	44 753	48 700
2249	Vardheia idrettshall	-7 246	-5 522	-25 716	-27 300
3801	Symjehall	130	0		
3802	Turnhall - Vardheia	1 674	2 000	21 514	23 700
3802	Turnhall - Vardheia	-6 324	-1 800	-14 499	-15 400
3805	Ny idrettshall Bryne	8 952	5 000	10 138	87 000
5903	Utbedring leikeplassar	3 298	3 000		
5903	Utbedring leikeplassar	-602	-500		

2249 Vardheia idrettshall

Prosjektet viser Time sin del av samla rekneskapsførte kostnader ved utgangen av 2021, og Time sin del av godkjent prosjektløyving inklusiv meirverdiavgift. Forventa spelemidlar er bokført. Byggerekneskap vert levert i løpet av 2022.

3802 Turnhall - Vardheia

Prosjektet viser Time sin del av samla rekneskapsførte kostnader ved utgangen av 2021, og Time sin del av godkjent prosjektløyving inklusiv meirverdiavgift. Forventa spelemidlar er bokført. Byggerekneskap vert levert i løpet av 2022.

5903 Utbedring leikeplassar

Mindre oppgraderingstiltak på leikeplassar er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-sak 007/22](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2021.

6.6 Veg og parkanlegg

5600 Bilar/maskinar

Avtalen om leasing av bilar er ikkje fornya. Fleire av bilane er kjøpte ut for restverdien og i tillegg er det kjøpt nye el-bilar i hovudsak til omsorg. Kommunen tok over drifta av vass- og avløpsleidningane frå IVAR frå 2021 og meirforbruket skuldast at kommunen også har kjøpt

ut IVAR sine bilar.

Veg og parkanlegg		Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
5600	Bilar/maskiner	8 399	7 500		
5600	Bilar/maskiner	-495	0		
5610	Trafikksikring	944	800		
5610	Trafikksikring	-595	-500		
5643	Utskifting av lysmaster	510	300	12 103	11 600
5664	Asfaltering kommunale vegar	1 790	2 500		
5669	Smieparken	2 927	4 000		
5678	Gangsti Undheim - Taksdal	3 028	2 200		

5610 Trafikksikring

Gjennomføringa av aktuelle trafikksikringstiltak følger i hovudsak godkjend handlingsdel av «Trafikksikkerheitsplan 2016–2025» kvart år, jamfør godkjend økonomiplan. Handlingdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen kvart år. Samla utgifter i 2021 har vore 349 000 kroner etter at refusjonar frå fylkeskommunen er rekneskapsførte ved utgangen av året.

5643 Utskifting av lysmaster

Det er hittil skifta ut 2300 lyspunkt med nye ledlys. Det gjenstår 2000. Dette er planlagt gjennomført i økonomiplanperioden 2022-2025. Dette er eit energieffektiviseringstiltak.

5664 Asfaltering kommunale vegar

Aktuelle vegar som er reasfalterte i 2021 framgår av [ULK-sak 007/22](#).

5669 Smieparken

Prosjektet har ei kostnadsramme på 9,8 millionar kroner, jamfør [KS-sak 029/19](#). Rekneskapsførte utgifter ved utgangen av 2021 gjeld innløyisinga av gnr. 1 bnr. 39 ved makeskifte inkludert dokumentavgift og offentlege kostnader, samt anleggsarbeid. Anleggsrekneskap vert levert i løpet av 2022.

5678 Gangsti Undheim - Taksdal

Prosjektet har ei kostnadsramme på 2,2 millionar kroner. Prosjektet har meirutgifter i 2021 og det pågår ein dialog mellom «dugnadsgjengen», Lyse, fylkeskommunen og kommunen for å få på plass ein tilfredsstillande løysing. Resultatet av dialogen vil danna grunnlag for eventuelle nye tilsvarande prosjekt. Det ser ut for at den største utfordringa er avstand mellom fylkesveg og gangsti.

6.7 Vatn, avløp og renovasjon

5500 VA strakstiltak og vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått vart defekt, samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet. Time kommune fekk refundert 3 millionar kroner frå IVAR for etablering av tosidig forsyning av vatn til Lye.

5556 OV-tiltak Rossaland - Kjeldevegen

Prosjektet har ei kostnadsramme på 49,3 millionar kroner. Prosjektet er ved utgangen av 2021 i samsvar med framdriftsplan og budsjett.

5558 Vatn og kloakking Skjæret

Formannskapet gjorde i [sak 005/21](#) vedtak om at kommunedirektøren skulle arbeide vidare med offentleg VA-anlegg frå Undheim til Skjæret. Det har påløpt nokre kostnader for å tilrettelegga det private anlegget som er under bygging, for tilkopling mot Undheim. Det private anlegget vert i første omgang kopla mot Hå kommune. Av kostnadene som er påløpt er 3,6 millionar kroner betalt som anleggsbidrag. Kommunedirektøren tek sikte på å leggja fram ei politisk sak om finansiering av anlegget i 2022.

Vann, avløp og renovasjon	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	5 297	6 000		
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	-3 000	0		
5556 Overvasstiltak Rossaland - kapasitetsutviding Kong Haakons gate	12 490	8 500	15 935	49 300
5558 Vatn og kloakking Skjæret	4 198	0	4 699	4 550
5562 Sanering VA og OV leidninger - Eikeberget/Varden/Ørnahaugen	585	2 500	732	13 000
5568 Sanering av VA og OV Kvernelandsvegen	10 535	11 100	16 514	16 500
5568 Sanering av VA og OV Kvernelandsvegen	0	0	-7 523	-3 800
5570 Kommunalteknisk anlegg Kalbergvegen - Fagrafjell statnett	4 145	0	18 475	16 000
5570 Kommunalteknisk anlegg Kalbergvegen - Fagrafjell statnett	-464	0	-13 264	-12 000
5574 Theodor Dahls veg, VA-tiltak - utbyggingsavtale	10 100	7 000	10 986	11 100
5574 Theodor Dahls veg, VA-tiltak - utbyggingsavtale	-3 441	-4 000	-3 441	-5 544
5575 VA-tiltak, Reemarka, Bryne	1 109	8 500	1 349	27 000
5575 VA-tiltak, Reemarka, Bryne	-200	-8 000	-200	-23 600
5576 VA-tiltak Stemmen, Håland	2 499	2 000	2 499	10 000
5576 VA-tiltak Stemmen, Håland	0	0		
5577 Sanering VA og OV leidninger Trallfavegen/Myrbrotet	572	5 500	572	10 500

5568 Sannering av VA og OV i Kvernelandsvegen

Prosjektet er i hovudsak ferdigstilt ved utgangen av 2021. Det er utgiftsført netto om lag 9 millionar kroner ved utgangen av 2021. Anleggsrekneskap vert lagt fram i løpet av 2022.

5570 Kommunalteknisk anlegg Kalbergvegen – Fagrafjell Statnett

Prosjektet er i hovudsak ferdigstilt ved utgangen av 2021. Det er forventa meirutgifter grunna fjell i VA-grøft og forsering av anleggsarbeida for å redusera negative konsekvensar for lokalt næringsliv. Anleggsrekneskap vert lagt fram i løpet av 2022.

5574 Theodor Dahl veg, VA-tiltak - utbyggingsavtale

Prosjektet er i hovudsak ferdigstilt ved utgangen av 2021. Det er forventa meirutgifter grunna fjell i VA-grøft og forsering av anleggsarbeida for å redusera negative konsekvensar for lokalt næringsliv. Anleggsrekneskap vert lagt fram i løpet av 2022.

5575 VA tiltak Reemarka, Bryne

Prosjektet skjer etter anleggsbidragsmodellen, det vil seie at Time kommune står som utbyggjar og får refundert påløpte utgifter frå prosjekteigar. Oppstart vart forseinka og hovuddelen av gravearbeida tok ikkje til før på nyåret 2022.

5576 VA tiltak Stemmen, Håland

I økonomiplanen for 2021-2024 ligg det at dette prosjektet skal gjennomførast etter anleggsbidragsmodellen. Dette er endra i økonomiplanen for 2022-2025. Time kommune skal gi eit anleggsbidrag på inntil 10 millionar kroner for sanering av VA-anlegg i eksisterande bustadfelt i samsvar med godkjent utbyggingsavtale. Anleggsbidraget vert utbetalt ettersom anlegget vert ferdigstilt.

6.8 Energi og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2021

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad
	Tilsett klimateknikkar	0,8 millionar kroner/år	2012
1209	Redusera spesifikk energibruk i rådhuset med 15 %		
	Ombygging i C-bygget med skifte av vindauge	42 millionar kroner	Ferdig
	Omlagging til bioenergibasert varme	5 millionar kroner	Ferdig i 2017. Manglar litt tilpassingar/justeringar
	Sivdamsenteret og Sivdamheimen		Bytta aggregat som har roterande gjenvinnarar i 2017
	Ombygging i A-bygget med mellom anna skifte av vindauge	17 millionar kroner	Ferdig i 2017
1213	Installert/sentralisert SD-anlegg* i kommunale bygg	20 millionar kroner	Løyvinga går over 10 år frå 2011
	Omsorgsbustadar Svertingstad		
	Kvernaland omsorgssenter		
	Bryne skule		
	Frøyland skule		Utvida skule og fleirbrukshall i 2017
	Lye skule		
	Rosseland skule		
	Hognestad skule		Bytta ut aggregat i sløydsal i 2016
	Rådhuset		Installert energimålar i 2016
	Sivdamsenteret		
	Sivdamheimen		Bytta ut bassengaggregat i 2016
	Bryneheimen		Bytta ut tre aggregat til eitt i 2016
	Storstova		Installert energimålar i 2016
	Bryne Mølle		SD-anlegg i 2016
	Bryne kompetansesenter		
	Bryne ungdomsskule		
	Vestly idrettsbarnehage		
	Kvernaland barnehage		
	Ådalen barnehage		
	«Skatt Vest» bygget		SD-anlegg i 2016
	Bryne brannstasjon		SD-anlegg i 2016
	Ny energisentral		SD-anlegg i 2016
1212	Garderobar i rådhuset for sykling til arbeid	1 million kroner	2016
	Maurtua barnehage		SD-anlegg i 2017
	Undheim skule		SD-anlegg i 2017
	Røyrvika bufellesskap		SD-anlegg i 2017
	Monsanut barnehage		SD-anlegg i 2017 (manglar nett)
	Austbø barnehage		SD-anlegg i 2018
	Nyland barnehage		SD-anlegg i 2018
	Undheim skule		SD-anlegg i 2018

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad
	Rosseland bygg D		SD-anlegg i 2018
	Timehallen		SD-anlegg i 2018
	Sivdamsenteret		Varmestyring i 2018
	Lyefjell barnehage		SD-anlegg i 2018
	Rådhuset/Sivdamområde		Energimålarar i 2018
	Undheim skule		Bytta aggregat heimkunnskap i 2018
	Bryne Mølle		Bytta aggregat kafè/utstilling i 2018
	Bryne Mølle		Ny brannventilasjon i 2018
	Kontorbrakke på Håland		Ny ventilasjon i 2018
1213	Enøktiltak Timehallen	1 million kr	Installert ventilasjonsanlegg i 2019
1213	Enøktiltak Rådhuset	700 000 kr	Ny gasskjel i 2019
1213	Storstova	150 000 kr	Nytt ventilasjonsanlegg i 2019
1213	Røyrvika 2	20 000 kr	SD-anlegg i 2019
1213	Rådhus bygg C	100 000 kr	SD-anlegg i 2019
			Det vert montert SD-anlegg i alle nye bygg
	Etablere 6 P-plassar for lading av elbilar ved rådhuset	1 million kr	Etablert i 2018
	Deponigassanlegg Re fyllplass	300 000 kr delt mellom Hå, Klepp og Time.	I 2019 vart anlegget oppgradert etter 20 års drift. Dette var nødvendige tiltak for å sikra fortsatt drift av gassuttaket som er pålagt av Statsforvaltaren fram til 2030. Gassmengda som nå vert teken ut og fakla av har auka til over 60 %. Noko som estimatet i planen var, dersom anlegget vart oppgradert.
1213	Bryneheimen	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Skifta ut 3 defekte varmpumper med ei ny i 2020
1213	Storstova	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Skifta ut ventilasjonsanlegget i foajé med eit nytt og energisparande i 2020
1213	Bryne skule	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Nytt SD-anlegg i 2020
1213	Frøyland skule	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Innregulering/optimalisering og ombygging av varmeanlegg i 2020
1213	Bryne ungdomsskule (eldste del)	Del av 2,3 mill. kr i 2020	Nytt SD-anlegg i 2020
	23 elbilar, tenestebilar		Skal betalast i 2021
	30 ladestasjonar for kommunale elbilar	1,6 mill. kr i 2020	

*SD-anlegg = Sentraldriftsovervakingsanlegg for mellom anna ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg, samt lys og anna teknisk infrastruktur.

Time kommune deltek i «Klimanettverk Jæren». Dette er eit forum for utveksling av idear og samarbeid om rullering av nye klimaplanar.

7 Brukartfredsheit og tilbakemeldingar

Time kommune hadde planlagt å gjennomføra 15 brukarundersøkingar i løpet av 2020. På grunn av pandemien er 9 av desse flytta til 2021 eller 2022.

I tillegg vart det gjennomført ei undersøking om kommunikasjon under pandemien. Resultata er publisert under punkt 6.2.

Resultat med tilhøyrande kommentar til følgande undersøkingar som vart gjennomførte i 2021:

Undervisning

	Snitt Time 2021	Snitt Rogaland 2021	Snitt Norge 2021
Elevundersøking	3,90	3,94	3,89
Foreldreundersøking	4,06	4,10	4,01

Kjelde: Utdanningsdirektoratets rapportportal, 5 best, 1 dårlegast.

Tala i framstillinga representerer eit snitt av fleire ulike indikatorar. Elevundersøkinga syner elevane si subjektive oppleving av eige læringsmiljø. Tilsvarande syner foreldreundersøkinga eit bilde av føresette si oppleving. Begge undersøkingane er sentrale kjelder til kunnskap om læringsmiljø i arbeid med skuleutvikling, og skal gjennomførast årleg om hausten. I Time kommune vert det gjennomført elevundersøking for alle elevar frå 6.-10.trinn, men på lik linje med offentlege tal, er tala over henta frå svar frå elevar på 7. og 10. trinn.

Resultata frå elev- og foreldreundersøkinga hausten 2021 syner små endringar på dei ulike indikatorane. Men overordna syner tala at det generelt har vore nedgang i resultatet for elevane på 7.trinn, medan elevane på 10.trinn syner ei generell auke. Samla ligg resultata til Time kommune likt med resultat på både nasjonalt og regionalt nivå.

Kvalitetsmelding for Jærskulen 2021 og tilhøyrande saksframlegg tar føre seg fleire detaljar knytt til brukarundersøkingane

Skulefritidsordning

	Snitt Time 2021	Snitt Norge 2021
Brukarundersøking SFO*	4,8	4,8

*Det var særst få kommunar som gjennomførte brukarundersøking for SFO i 2021. Derfor er det ikkje samanliknbare tal for Rogaland, og snitt for Noreg er basert på 7 kommunar.

Kjelde: Bedrekommune. 6 best, 1 dårlegast

Tala syner eit snitt av fleire indikatorar. Brukarundersøking i SFO vert gjennomført anna kvart år, og det er føresette som svarar.

Time kommune har hatt framgang på alle indikatorane i undersøkinga sett opp mot resultata i 2019 og ligg tilnærma likt med gjennomsnitt for Norge. Time kommune vil halda fram med arbeidet med å betra informasjonsflyten mellom SFO og føresette. Her skal det leggest vekt på at dei føresette skal ha moglegheit til å koma med innspel. Det bør vera eit langsiktig mål for Time kommune om å betra dei fysiske tilhøva på SFO på skular kor dette har skåra lågt. Dette gjeld både bygningar og uteområde.

Helsestasjon

Planlagd brukarundersøking på Helsestasjon vart ikkje gjennomført grunna omlegging av drift som følge av pandemien.

Flyktingetenesta

Brukarundersøking vart gjennomført i november og desember 2021. Resultata frå undersøkinga er gode, med unntak av talet på timar som er nytta til digital undervisning. Undersøkinga vil verta omtala meir i eigen årsrapport for Flyktingetenesta Time og Klepp.

Heimetenester

	Snitt Time 2021	Snitt Rogaland 2021	Snitt Norge 2021
Brukarundersøking	5,1	4,9	4,9

Kjelde: Bedrekommune. 6 best, 1 dårlegast

Tenestene har i periodar vore under press som mellom anna har ført til høgt sjukefråvær. Det samla resultat er likevel uendra samanlikna med undersøkinga som vart utført i 2017.

Tala i framstillinga representerer eit snitt av fleire ulike indikatorar. Brukarundersøkinga i heimetenesta vart gjennomført hausten 2021. Samla svarprosent var 56 prosent.

Omsorg vil halda fram med å vektlegga bruk av tekniske løysningar, ha fokus på ernæring for heimebuande og behandla brukarane med respekt.

Brukarundersøking i heimetenesta vert presentert i ei eiga politisk sak våren 2022.

8 Status politiske vedtak og planstrategi

8.1 Politiske vedtak 2021

Oversikta nedanfor viser eit utval av politiske vedtak i 2021. Det som førte til særskilt oppfølging frå administrasjonen si side, men som ikkje vart fullført i løpet av året, er teke med i oversikta. For desse sakene vert det rapportert på status ved utgangen av 2021.

Saksnummer/sak	Status
KS-015/21 Plan 0517.00: Områdeplan for BF11, Bryne sentrum	
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med en sak i slutten av denne valgperioden med intensjon om å gjøre om boligformålet i sør (BBB), til idrett/offentlige formål og mulig parkering.	Prosjekteringsarbeidet pågår
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere muligheta til å legge idrettshallene litt lenger sør, i samme linje som ny svømmehall og Timehallen.	
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere muligheta og kostnaden med å senke den nye hallen noe ned i terrenget.	
5. Kommunedirektøren blir også bedt om å se på mulighet for å gjøre om grusbanen på O_F11 til kunstgressbanene/ballbinge og ser dette i sammenheng med detaljreguleringen av område BKB.	
KS-032/21 Kommuneplan for Time kommune 2018-2030 - Arealdelen. Endeleg plan.	
I det vidare plan- og utviklingsarbeidet på Kalberg og Kvernaland vil Time kommunestyret at traséen for omkjøringsvegen blir vurdert på nytt i samband med detaljreguleringsarbeidet der landbruks jord skal tas best mogleg omsyn til. Vern av mat jord skal ha høg prioritert i denne vurderinga. Omsynet til støy skal ha merksemd i plan-, anleggs- og utbyggingsperioden.	Det blei sendt inn krav om lovlegkontroll som vart behandla i møte i KS 21.09.2021 jamfør KS-058/21 (sjå for meir informasjon under KS-sak 058/21 under)
Kommunestyret ber Rogaland fylkeskommune ved Samferdsel starta reguleringsarbeidet med omkjøringsvegen hausten 2021.	Oppstart reguleringsarbeidet er varsla november 2021. Planarbeidet for omkjøringsvegen inngår. Bruken av planprogrammet med handlingsdel jamfør pbl §4-1 vart godkjent jamfør KS 063/21 .
og at det parallelt med reguleringsarbeidet blir utarbeidd og politisk godkjend ein samarbeidsavtale om finansiering av omkjøringsvegen mellom kommunane Time og	I KS-sak 003/22 vart KS orientert om at kommunen likevel skal følgja ein vanleg prosess med områderegulering.

Saksnummer/sak	Status
Klepp, Rogaland fylkeskommune og grunneigarar eller deira representantar som har godkjende utbyggingsareal (nærings-, råstoffutvinnings- og bustadformål) innanfor omsynssone H810_7, jamfør punkt 34.4.1 i føresegnene til arealdelen.	
KS-033/21 Framtidig legevaktsamarbeid for Time kommune	
1. Time inngår samarbeid med Hå og Klepp kommune om legevaktsamarbeid heile døgnet.	Vertskommuneavtale er godkjent jamfør KS-sak 006/22
2. Samarbeidet vert organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1b.	
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren forhandla fram ein vertskommuneavtale som er i samsvar med vedtak i kommunestyra i Klepp og Hå.	
KS-048/21 Plan 0528.00: Detaljregulering for kraftintensiv næring i Undheimsvegen, Undheim	
Det er avtalt i oppstartsmøte og planvarsling at det skal inngås utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytning til planområdet.	Utkast til utbyggingsavtale vert det nå forhandla med utbygger om.
KS-058/21 Krav om lovlegkontroll - godkjenning av kommuneplan for Time kommune 2018-2030, arealdelen	
Kommunestyret held fast på kommunestyret sitt vedtak i sak 032/21 om eigengodkjenning av Kommuneplan for Time kommune 2018-2030 - Arealdelen. Kravet blir sendt til Statsforvaltaren til handsaming og avgjerd.	Saka er sendt Statsforvalteren i Rogaland for endeleg avgjerd september 2021. Kommunal- og distriktsdepartementet har i november 2021 oppnemnt Statsforvaltaren i Vestlandet som settestatsforvaltar. Saka er under handsaming.
KS-063/21 Overordna plan for område med krav om felles planlegging - prinsipiell avklaring for bruk av planleggingsverktøy i Time kommune	
Vedtak: Time kommunestyre godkjenner bruk av «Timemodellen» for komplekse område med krav om felles planlegging i Time kommune i tråd med pbl § 4-1.	Planoppstart varsla november 2021
